


2024

Sveio kommune



Årsrapport 2024

Sveio kommune

Innhold

Sveio kommune	3
Ordfører – året som gikk	4
Folkesetnad	6
Vekst i folketalet framleis viktig	6
Busetnad	7
Utdanningsnivå	7
Jamstelling mellom kjønna	9
Kultur	11
Natur, ytre miljø og ureining	12
Klima og energi	13
Politisk organisering	14
Organisasjonen	15
KOSTRA – tal per rammeområde	16
Om dei einskilde rammeområda	16
Rammeområder	27
Kultur – Vigdartun kultursenter	28
Politisk	31
Oppvekst - skule	32
Oppvekst – barnehage	37
Helse og rehabilitering med fellestenester	40
Pleie og omsorg	42
NAV med flyktingavdeling	44
Barnevernstenesta	46
Habilitering	48
Teknisk og næring	50
VAR – Vatn, Avløp og Renovasjon	54
Sentraladministrasjon	56
Kyrkja– Sveio Kyrkjelege Fellesråd	59
Økonomi	61
Drift	61
Driftsresultat	62
Gjeld	63
Driftsfond	64
Brutto driftsutgifter	64
Den økonomiske stillinga	64
Likviditet	65
Investering	66

Vilje til vekst og ein god stad å leva

Befolkning	2020	2021	2022	2023	2024
Folketall per 31.12	5 798	5 775	5 732	5 742	5 752
Folkeauke	32	-23	-43	10	10
Netto innflytting	11	-36	-49	-6	-11
Fødselsoverskot	21	16	8	12	21

Ordførar – året som gjekk

2024 var det første heile året med det nye kommunestyret som tiltrådde i fjor haust. Det er kjekt å sjå at både erfarne og nye folkevalde har funne seg vel til rette, og ein opplev ein god tone i både utval, formannskap og i kommunestyret. Me hadde som mål at alle skulle vera trygge til å halda innlegg frå talarstolen til St. Hans, eit mål me ser ut til å ha greidd godt.

Saman med resten av landet har me òg dette året sett behovet for å ta imot menneske på flukt frå krig og konflikt. Kommunen har halde fram med å busetje flyktningar, særleg frå Ukraina, og folkevalde har vore samde om å stilla opp og inkludera nye Sveibuar i eit trygt lokalsamfunn. Sveio kommune busette 30 flyktningar i 2024.

Dei folkevalde har jobba aktivt med mange saker i 2024. Spesielt har arbeidet med kommuneplanen vert noko som ein har brukt mykje tid på. Heile 15 møter har ein hatt i styringsgruppa gjennom året, med mål om å få ferdig ein plan som vil gjera oss retta mot vekst og utvikling framover.

Det vart også dette året gjennomført ei rekkje positive tiltak i kommunen. Eldre ut på middag vart arrangert, sommarferieaktiviteter for born og unge, løyvingar til sosiale møteplassar i heile kommunen for å nemna noko.

2024 var eit stort år for regionen vår, og ein kunne i juni feira 1000-årsjubileet for kristenretten på Moster. Ei stor nasjonal hending, der Kronprinsen og Kronprinsessa deltok på vegne av kongehuset. Dette er berre eitt av mange flotte representasjonsoppdrag for ordførar. Ein har mellom anna opna paddel-bane på Bua i kamp mot ordførar i Haugesund, feira 10-årsjubileum for frivilligsentralen, og opna den nye 9-holsbane på Sveio golfpark som gjer at me nå har det største golfanlegget i landet.

Gjennom året har ein halde 12 vigslar, dei fleste på kommunehuset, men også både i og utanfor kommunen.

Ordførar har delt ut fleire miljøfyrtårnsbevis i 2024, og det er gledeleg å sjå at fleire og fleire verksemder vel å bli miljøfyrtårnsertifisert.

Ordførar har deltatt på møter i regionen, som til dømes Haugaland kraft AS, Haugalandspakken, Haugaland brann og redning IKS, Karmsund havn IKS, faste møter i Haugalandsrådet og Samarbeidsrådet for Sunnhordland, og generelt samarbeid i regionen.

Sveio kommune har sidan 2018 vert del av Haugaland Brann og redning IKS, men kommunestyret valde i november 2023 at ein melder seg ut av samarbeidet, og søker nytt samarbeid med Haugesund kommune. Etter god dialog, og omfattande planlegging vart siste dag i samarbeidet 31. desember, og våre mannskap starta det nye året som tilsett i Haugesund kommune. Bygginga av brannstasjonen i Sveio skreid fram gjennom året, og vert teke i bruk tidleg i 2025.

Ordførarkollegiet i regionen har vidareført det tette samarbeidet med jamlege digitale møter gjennom heile året. I tillegg har ordførar delteke på møter i Oslo med Haugalandsrådet og andre møter i Oslo med ordførarar i regionen.

Folketalet enda ved årsslutt i 2024 på 5752, ei auke på 10 personar mot året før. Det er spesielt gladleg å sjå at fødselstala går opp.

Avslutningsvis vil eg takke det politiske miljøet for samarbeid og gode drøftingar, og takke alle tilsette i Sveio kommune for den jobben dei gjer kvar dag for at Sveio er ein god plass å bu og leve.

Rådmannen sitt føreord til årsrapporten 2024

Kjære innbyggjarar i Sveio kommune,

Med denne årsrapporten ynskjer vi å gje dykk eit innblikk i arbeidet som er utført i Sveio kommune i løpet av 2024. Året har vore prega av både kontinuitet og utvikling, med fokus på å levera gode tenester til våre innbyggjarar innanfor dei rammene vi har tilgjengeleg.

Eg vil òg takka alle tilsette som har gjort ein god jobb med å levera tenester til våre innbyggjarar.

Eit par særskilte ting å trekka fram i 2024 er at Sveio nye brannstasjon er ferdig og teke i bruk. Utvidinga av Eikeland kyrkjegard vart vigsla sommaren 2024. På Sveio omsorgssenter blei nytt solcelleanlegg opna og etterisolering av tak gjort ferdig. Ein har òg brukt mykje tid til planlegging av kommuneplanens arealdel, kommunedelplan for nye E39, nyskapande aktivitetsanlegg og nytt vassbehandlingsanlegg ved Forevatnet. Frå årskiftet driftast brann- og redningstenesta, inkludert feiing, av Haugesund kommune. Det har blitt gjort mykje arbeid for å få til overgangen.

For den kommunale organisasjonen har det vore mykje arbeid, med overgang til samarbeidet vi har på drift av ikt og digitalisering med andre kommunar. Vi nærmar oss nå; vi har fått standardisert mange av programma i samarbeidet, og begynner å sjå effektar av dette i bruken av nye løysingar.

Helsestasjon for eldre blei eit fast tilbod i 2024. Blant anna har dei no hatt heimebesøk hos dei fleste over 85 år. Framover vil ein arbeida seg nedover i alder. Dette for å informera om kva ein kan forventa av kommunen når ein har behov for det. Vi har òg hatt oppstart av prosjekt med «eldrevaktmeister», som er eit tiltak for at eldre skal kunne bu heime lengre. Ein har òg arbeidd med oppgåvedeling mellom dei ulike profesjonane innan tenestene, for å førebu tenesta på fleire eldre. Dette er òg eit viktig tiltak for rekrutteringsarbeidet til området.

I 2024 blei det vedteke at ein framover vil organisera helsestasjon og psykisk helse for barn og unge saman med andre førebyggjande tenestene innan barn og familie. Dette blir samla innanfor oppvekstsektoren.

Det går 770 elevar i Sveio-skulen. Vi har for tida store kull på ungdomsskulen, men vil i åra som kjem få fallande elevtal. Satsingsområda har vore språk, lesing og skiving som er grunnleggjande dugleikar.

Eg vil oppmoda alle til å lesa årsrapporten i sin heilskap eller dei kapitla du er mest interessert i for å få eit meir detaljert bilete av verksemda til kommunen i 2024. Vi ser framover mot eit nytt år med nye moglegheiter og utfordringar, og vil halda fram med å arbeida for å gjera Sveio til ein god stad å bu og leva.

Eg vil til slutt oppmoda å ta turen innom Sveio folkebibliotek på Vigdartun kultursenter. Dei har mange ulike prosjekt gåande. Kanskje nokon som passar akkurat for deg! 😊

Med venleg helsing,

Jostein Førre

Rådmann i Sveio kommune


Sveio – samfunnet

Folkesetnad

Sveio hadde eit samla ibuartal på 5.752 per 31. desember 2024. Ved utgangen av 2023 var ibuartalet 5742. Sveio hadde med andre ord ein auke i folketalet på 10 personar i 2024, det same som i 2023. Både i 2022 og 2021 var det nedgang i folketalet. I løpet av 2021 blei folketalet redusert med 23 personar, og i 2022 var reduksjonen på 43 personar. Folketalet ser dermed ut til å ha flata ut etter mange år med vekst. Vi ser den same tendensen i grannekommunane i Sunnhordland og på Haugalandet.

Talet på fødslar var 57 i 2024, mot 48 i 2023, 57 i 2022, 56 i 2021 og 59 i 2020. Talet på «0-åringar» ser ut til å ha stabilisert seg på eit lågare nivå enn det vi såg for berre få år sidan:

07459: Befolkning, etter region og år. Personer, 0 år.




Kilde: Statistisk sentralbyrå

Vekst i folketalet framleis viktig

Sveio kommune har framleis ein ung folkesetnad samanlikna både med fylket og landet. Dette vil endra seg over tid, om vi skal tru prognosane frå SSB. Den demografiske samansetjinga vil endra seg kraftig i heile landet i åra som kjem. Det er og slik at arbeidsinnvandring frå EØS-området over tid har bidrege til auken i folketalet. Denne innvandringa er no kraftig redusert. På den andre sida bidrog flyktningar frå Ukraina til veksten i folketalet i Noreg både i 2023 og 2024.

01222: Befolkning og kvartalsvise endringar, etter kvartal. Befolkning ved utgangen av kvartalet, Sveio.




Kilde: Statistisk sentralbyrå

Sveio har hatt netto negativ flyttebalanse både i 2021, 2022, 2023 og 2024. Det er fødselsoverskotet som har gjort at nedgangen i folketallet ikkje har vore større. Om fødselstala held seg låge framover, samstundes som vi får fleire eldre, vil denne effekten bli kraftig redusert. Vi har hatt fleire kvartal med negativt fødselsoverskot dei siste åra.

Trass i at nettoendringa i folketallet berre var på 10 personar i 2024, var det til saman 549 personar som flytta over Sveio sine kommunegrenser i løpet av året. Dette syner oss at Sveio er fullt integrert i den sams bu- og arbeidsmarknaden på Ytre Haugalandet. Det var størst utflytting i 3. kvartal med 104 personar. Dette er vanleg i dei fleste kommunar, då det er i dette kvartalet studentar som er ferdige med utdanninga, melder flytting til den kommunen der dei har fått arbeid og skal busetja seg.

01222: Befolkning og kvartalsvise endringar, etter statistikkvariabel og kvartal. Sveio.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Busetnad

Veksten i busetnad har over tid vore høgast i søre luten av kommunen, i skulekrinsane Sveio og Vikse. Det er grunn til å tru at dette heng saman med at svært mange yrkesaktive personar pendlar ut av kommunen til Haugesund, Karmøy og Tysvær, samt at det har vore stor utbygging av bustader i dette området sidan tusenårsskiftet. I 2023 var det to tettstader i Sveio kommune i høve til SSB sin definisjon, men Førde har i 2024 på ny kome inn under SSB sin definisjon av tettstad. Kommunen sine tre tettstader hadde slikt folketal per 12. desember 2023:

- Sveio 1516 (1520 i 2023 og 1523 i 2022)
- Rophus 381 (389 i 2023 og 375 i 2022)
- Førde 332 (363 i 2022)


Det er interessant å leggja merke til at Sveio tettstad har eit høgare ibuartal enn Aksdal (795 ib.), Ølen (1376 ib.) og Etne (1338 ib.)

Utdanningsnivå

Utdanningsnivået i Sveio kommune har endra seg mykje sidan tusenårsskiftet. Talet på personar som har grunnskule som høgaste fullførte utdanning, er redusert, medan talet på personar med høgskule- og universitetsutdanning har auka. Delen av folkesetnaden som har høgare utdanning, er lågare i Sveio enn

både i fylket og landet. Om vi summerer utdanning på vidaregåande og høgare nivå, får vi eit anna bilete. Då er ikkje Sveio signifikant ulik samanlikningsgruppene.

Høyeste fullførte utdanningsnivå



Kilde: [Befolkningens utdanningsnivå, Statistisk sentralbyrå](#)

(Kjelde: SSB, kommunefakta)

Jamstilling mellom kjønn


Vi ser at det er nokre interessante endringar i indikatorane for jamstilling mellom kjønn frå 2021 til 2023. Det er ein større del av 1-5-åringane som går i barnehage. Det er ein liten auke i delen som har høgare utdanning både blant kvinner og menn, men det er stadig langt fleire kvinner enn menn som har slik utdanning. Det er stor skilnad i lønnsnivået mellom kvinner og menn. Det er og framleis slik at det store fleirtalet av kvinnene jobbar i offentleg sektor, medan sju av ti menn jobbar i privat sektor.

		2020	2021	2022	2023
Andel barn 1-5 år i barnehage (prosent)	4612 Sveio	92,7	95,2	96,2	96,1
Andel menn blant kommunestyrerepresentanter (prosent)	4612 Sveio	72,0	72,0	72,0	68,0
Andel kvinner blant kommunestyrerepresentanter (prosent)	4612 Sveio	28,0	28,0	28,0	32,0
Andel menn med høgere utdanning (prosent)	4612 Sveio	19,8	20,0	20,2	20,6
Andel kvinner med høgere utdanning (prosent)	4612 Sveio	32,3	33,2	34,2	34,4
Andel menn (20-66 år) i arbeidsstyrken (prosent)	4612 Sveio	80,0	78,4	80,5	80,9
Andel kvinner (20-66 år) i arbeidsstyrken (prosent)	4612 Sveio	74,8	74,7	74,7	74,2
Gjennomsnittlig bruttoinntekt, menn (kr)	4612 Sveio	558 600	759 900	615 900	673 300
Gjennomsnittlig bruttoinntekt, kvinner (kr)	4612 Sveio	357 900	385 800	408 900	439 000
Andel sysselsatte menn (20-66 år) som jobber deltid (prosent)	4612 Sveio	14,4	14,0	13,0	13,8
Andel sysselsatte kvinner (20-66 år) som jobber deltid (prosent)	4612 Sveio	51,2	48,2	46,6	42,7
Andel fedre som tar hele fedrekvoten eller mer av foreldrepensjeperioden	4612 Sveio	61,4	69,7	63,8	59,1
Grad av kjønnsbalansert næringsstruktur (skår)	4612 Sveio	0,47	0,46	0,48	0,46
Andel menn blant sysselsatte (20-66 år) i offentlig sektor (prosent)	4612 Sveio	21,2	22,3	23,1	22,5
Andel kvinner blant sysselsatte (20-66 år) i offentlig sektor (prosent)	4612 Sveio	78,8	77,7	76,9	77,5
Andel menn blant sysselsatte (20-66 år) i privat sektor (prosent)	4612 Sveio	68,2	68,5	68,6	70,0
Andel kvinner blant sysselsatte (20-66 år) i privat sektor (prosent)	4612 Sveio	31,8	31,5	31,4	30,0
Andel menn blant ledere (20-66 år) (prosent)	4612 Sveio	62,7	59,6	58,9	58,2
Andel kvinner blant ledere (20-66 år) (prosent)	4612 Sveio	37,3	40,4	41,1	41,8
Grad av kjønnsbalanse i utdanningsprogram på videregående skole (skår)	4612 Sveio	0,57	0,54	0,51	0,52

Demografisk utvikling framover

SSB sitt hovudalternativ for den demografisk utviklinga fram til 2040, syner at det er den eldste delen av folkesetnaden som vil auka kraftig i åra som kjem. Det blir færre born og unge, men delen av folkesetnaden som er i yrkesaktiv alder, vil halda seg stabil i nokre år før og han tek til å bli redusert. Denne utviklinga vil krevja store endringar i kommunen sin tenesteproduksjon.


14288: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter alder og år. Hovedalternativet (MMMM), Sveio.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Om vi berre ser på dei gruppene som får omfattande tenester frå kommunen; barnehageborn, skuleelevar og dei tre pensjonistgruppene, vil utviklinga vera slik dei neste ti åra:

14288: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter alder og år. Hovedalternativet (MMMM), Sveio.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Frå 2034 vil talet på personar i aldersgruppa 80-89 år gradvis bli høgare enn talet på personar i barneskulealder, og i 2035 vil det vera dobbelt så mange eldre mellom 80 og 89 år som det er ungdomsskuleelevar i kommunen.

Kultur

Kommunen si satsing på kultur er til ein viss grad styrt av overordna føringar og pålegg, men arbeidet står i stor grad på lokale prioriteringar. Aktivitetsnivået er avhengig av eksterne midlar, der kommunen sine tilskot er den føresette grunnkapitalen.

Kommunen og frivillige lag og organisasjonar står for eit variert tilbod av kulturaktivitetar. Organisasjonar innan idrett og kultur blir støtta gjennom ulike stønadsordningar samt ein del praktisk hjelp. Desse får også bruke kommunale bygg og anlegg (inkl. idrettsanlegg) vederlagsfritt. Kommunen har tilbod til born og unge gjennom Sveio kulturskule, Sveio folkebibliotek, Den kulturelle skulesekken, Ung Sveio, Sveio ungdomsråd og Vigdartun kultursenter. I tillegg gir Fartein Valen arbeidet tilbod gjennom «Fartein Valen 0-100». Det er i dag ei 100% stilling som ungdomsarbeidar/tilsynsvakt tilknytt Vigdartun. Ung Sveio har ope måndag til torsdag kl. 14-20.30. Her får ein høve m.a. til å lage mat og delta i ulike uformelle aktivitetar og er blitt ein populær møtestad for ungdom. Eininga Vigdartun kultursenter inneheld mellom anna kulturskule, bibliotek, idrettshall, ungdomsarbeid og i tillegg ein god del saksbehandling innan kulturfeltet.

Det gis kulturtilbod til seniorar gjennom «Den kulturelle spaserstokken» i samarbeid med Senioruniversitetet, Sveio omsorgssenter og Ryvarden Kulturfyr samt private aktørar.

Sveio folkebibliotek er aktiv og gjev tilbod til heile befolkninga. Det gis eit godt tilbod med betjent og ubetente bibliotek. Biblioteket legg stor vekt på arrangement og er blitt ein aktiv møtestad for både unge og vaksne. Halv stilling som skulebibliotekar inngår i biblioteket.

Vigdartun kultursenter skal framover styrkast som kultursenter. Dette skal vi gjere gjennom å auke kvaliteten på tenestene.

Natur, ytre miljø og ureining

Omsynet til naturmangfaldet spelar ei sentral rolle i Sveio kommune si arealplanlegging og ved handsaming av søknader om ulike tiltak. Det er viktig at me tek vare på økosystema og dei artane som lever i områda som vert påverka av menneskelege inngrep. Eit rikt og mangfaldig naturgrunnlag er avgjerande for å sikre berekraftig utvikling og gode levekår for både menneske og dyreliv.

Samtidig erkjenner kommunen at kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet ikkje er så godt som det kunne vore. Kommunen er svært takksam for engasjerte privatpersonar som bidreg til å styrke kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet ved å melde inn funn av artar, enten direkte til kommunen eller gjennom registreringsdatabasar som *artsobservasjoner.no*. Det er ikkje berre sjeldne, tilfeldige, framande eller uvanlege artar som er av interesse; også dei meir vanlege, stadbundne artane.

Det er gjennomført synfaringar i Salamanderparken med jamne mellomrom, særleg på føresommaren og på ettersommaren. Det er registrert yngel i fleire av dammane på seinsommaren, noko som lovar godt for rekrutteringa.

Botanikar Bjørn Moe og sivilagronom Annlaug Fludal har over fleire år kartlagt botanikken i eit område på Nesheim med vekt på den freda og kritisk truga planta dvergmarinøkkel. I 2008 oppmoda Miljøvernministeren Sveio kommune om å ta særskilt ansvar for dvergmarinøkkel. Det er etablert overvakingsruter med og utan beiting for vidare kartlegging. Landbrukskontoret vart med NLR på Nesheim for å leita etter dvergmarinøkkel, diverre var planten ikkje funne i 2024. Me får tru han dukkar opp att før eller seinare. Det er no uansett skjønt på Nesheim med sin rike botanikk.



Salamanderyngel 17.07.2024

Foto: Håkon Aamodt


Klima og energi

Klima- og energiltak som er planlagt, starta opp eller gjennomført i 2024

- Klimabudsjett blei nytta i 2024 som eit styringsverktøy for å nå mål om å redusere utslepp av klimagassar, og andre vedtekne klimamål. Klimabudsjettet er ein del av kommunen sin handlings- og økonomiplan.
- I tråd med planstrategien (2020-2023) starta arbeidet med ny klima- og energiplan (omtala som klimaplan). Planprogrammet blei vedteke hausten 2022. Vidare arbeid med klima- og energiplan blei sett på vent i 2023, og starta opp att i 2024. Klimaplan planforslaget blei utarbeidd i 2024. Det er gjennomført brei medverknad med politisk referansegruppe (klimautval), barn og ungdom (ungdomsråd og spørjeundersøking ungdomsskolen), næringsforum og landbruket i kommunen. Planen skal til offentleg ettersyn tidleg i 2025.
- Sveio kommune er med i klimanettverket til Vestland fylkeskommune, som legg til rette for samarbeid, kompetanseutvikling og samskaping. Fokus i 2024 var fagleg påfyll til arbeid med klimaplan. Arealrekneskap, verktøy for oversikt over utsleppskjelder, planvask og klimakommunikasjon har vore sentrale tema i klimanettverket til Vestland fylkeskommune også i år.
- Sveio kommune er og med i klimanettverk Haugaland saman med Haugesund, Karmøy, Bokn, Utsira, Sauda og Vindafjord. Mandatet er å heve kompetansen innan klima og finne fram gode verktøy for utsleppsreduksjon i kommunane. Klimanettverket har i år blant anna arbeida med tema sirkulær økonomi og har delt erfaringar knytt til klimaarbeidet.
- Sveio kommune har fokus på klima- og miljøkrav ved alle kommunale innkjøp.
- Sveio kommune har fokus på straumsparingstiltak på alle einingane.
- Sveio kommune har fokus på ombruk, deling, sal og utlevering av utstyr og materiell som ikkje vert nytta.
- Sveio kommune har fokus på samkøying til møter og samlingar der dette er mogleg. Det er også fokus på å redusere unødvendige reiser, ved å delta på digitale kurs og møter der dette er alternativ.
- Det er blitt skifta ut vindauge ved Valestrand oppvekstsenter.
- Det er gjennomført ENØK-tiltak i Kyrkjebygga i Førde og Sveio
- Det er gjennomført ENØK-tiltak i kommunale bygg SOS (Sveio omsorgssenter) og Vigdartun.
- Helse og omsorg eininga i Sveio kommune har hatt auka fokus på å redusere matavfall.

Politisk organisering

Kommunestyret består av 25 representantar og er Sveio kommune sitt øvste organ. Alt ansvar og mynde ligg i utgangspunktet her. For å få ei best mogleg organisering av den politiske verksemda blir ansvar og mynde fordelt til Kontrollutvalet, formannskapet og tre ulike hovudutval. Hovudutvala er delt inn i oppvekst/kultur, helse/omsorg og teknisk/næring



Høgre:

André Mundal Haukås
(ordfører)
John Kristian Økland
Grethe Lier Alne
Carl Enoksen
Mikal Møller Hovda

Framstegspartiet:

Ruth Grethe Østebøvik
Rune Teikari
Vibeke Enerstvedt
Leif Tore Haukås

Arbeiderpartiet:

Linn Therese Erve
Anne Lise Økland
Kristian Haaland
Inger-Emilie K. Panayiotou
Tatsiana Kozel

Industri og næringspartiet:

Cato Sivertsen
Jan Øyvind Gravdal

Kristeleg folkeparti:

Jarle Jacobsen
Sondre Natås Strand

MDG:

Kjartan Moe Hustvedt

Senterpartiet:

Monica Vandaskog Valen
Arne Valen
Vidar Høyland


Sosialistisk venstreparti:

Olav Østebø Olsen

Tverrpolitisk fellesliste:

Asle Georg Halleraker
John Anders Sem

Organisasjonen



KOSTRA – tal per rammeområde


Om dei einskilde rammeområda

I følgjande tabellar og tekst er historisk statistikk frå dei ulike rammeområda synleggjort. Grafane visar historisk utvikling i netto driftsutgifter kvart år justert for deflator. I tala er Sveio kommune samanlikna med Landet utanom Oslo, Vestland fylke og kostragruppe 1. Kostragruppe 1 består av kommunar mellom 2 000 og 10 000 ibuarar, med låge bundne kostnader og låge korrigerte inntekter.

Grunnskulesektoren

Netto driftsutgifter til grunnskulesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år (B)


*) Tallene er inflasjonsjustert med endelig deflator (TBU).



I 2024 nytta Sveio kommune kr 161 395,- per innbyggjar 6-15 år til skuleområdet i følgje KOSTRA 2024. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 160 975,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar 6-15 år som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til skuleområdet blitt om lag 0,3 millionar lågare i 2024. Eigen innsparingsanalyse frå analyseverktøyet Framsikt visar at kommunen ligg om lag 0,3 millionar under gjennomsnittskommunen når ein tar omsyn til kommunens berekna utgiftsbehov. Sveio kommune nytta meir enn andre kommunar til sjølve undervisninga (1,3) og til skuleskyss (2,9). Til skulefritidstilbod (1,9), skulelokale (2,0) og vaksenopplæring (1,9) nytta Sveio kommune mindre enn andre kommunar. Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar 6-15 år i Sveio har gått opp med kr 18 144,- frå 2021 til 2024. Gjennomsnittet i kommunegruppa har gått opp med kr 7 687,- per innbyggjar 6-15 år i den same perioden.

Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager (B)


*) Tallene er inflasjonsjustert med endelig deflator (TBU).



I 2024 nytta Sveio kommune kr 243 896,- per innbyggjar 1-5 år til barnehageområdet. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 222 403,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar 1-5 år som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til barnehageområdet blitt om lag 6,0 millionar lågare i 2024. Eigen innsparingsanalyse frå analyseverktøyet Framsikt visar at kommunen ligg om lag 1,0 millionar over gjennomsnittskommunen når ein tar omsyn til kommunens berekna utgiftsbehov. Sveio kommune brukte betydeleg mindre enn andre kommunar til førskulelokale og skyss (2,6) og noko meir til det ordinære barnehagetilbodet (0,1). Sveio brukte klart meir enn andre til styrka tilbod til førskuleborn (2,8). Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år i Sveio har auka med kr 18 216,- frå 2021 til 2024. Gjennomsnittet i kommunegruppa har auka med kr 7 687 per innbyggjar 1-5 år i den same perioden.

Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten (B)

*) Tallene er inflasjonsjustert med endelig deflator (TBU).



	2021	2022	2023	2024
Sveio	12 696	13 299	12 957	13 485
Landet uten Oslo	12 587	14 391	15 209	15 277
Vestland	12 874	14 795	15 529	15 984
Kostragruppe 01	12 169	13 586	14 332	14 165


I 2024 nytta Sveio kommune kr 13 485,- per innbyggjar 0-17 år til barnevern. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 14 165,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar 0-17 år som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til barnevern blitt om lag 0,8 millionar høgare i 2024. Eigen innsparingsanalyse frå analyseverktøyet Framsikt visar at kommunen ligg om lag 2,5 millionar under gjennomsnittskommunen når ein tar omsyn til kommunens berekna utgiftsbehov. Kommunen nytta særskild mindre enn andre kommunar til Barnevernstiltak når barnet er plassert av barnevernet (3,2). Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar 0-17 år har gått opp med kr 789,- frå 2021 til 2024. Gjennomsnittet i kommunegruppa gjekk opp med kr 1 996,- per innbyggjar 0-17 år i den same perioden.

Pleie og omsorg

Område pleie og omsorg gjeld tenestene som i Sveio kommune leverast frå rammeområda Pleie og omsorg, Habilitering og delvis Helseavdeling med fellestenester.

Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten (B)

*) Tallene er inflasjonsjustert med endelig deflator (TBU).




I 2024 nytta Sveio kommune kr 25 891,- per innbyggjar til pleie og omsorg. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 28 327,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til pleie og omsorg blitt om lag 14 millionar høgare i 2024. Det gjer eit feil bilete å samanlikna Sveio mot kommunegruppa på dette området. Kommunegruppe 1 har eit særst høgt berekna utgiftsbehov på området, medan Sveio kommune har relativt lågt berekna utgiftsbehov. Eigen innsparingsanalyse frå analyseverktøyet Framsikt visar at Sveio kommune ligg 4,6 millionar kroner lågare enn gjennomsnittet til andre kommunar når det gjeld utgifter til pleie og omsorg, når ein justera for utgiftsbehovet. I 2024 hadde Sveio kommune utgifter til området på kr 574 992,- per innbyggjar over 80 år, medan gjennomsnittet i kommunegruppa låg på kr 511 284,-.

Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar har auka med kr 1 920,- frå 2021 til 2024. Gjennomsnittet i kommunegruppa har auka med kr 724,- per innbyggjar i den same perioden.

Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kommunehelse (B)


*) Tallene er inflasjonsjustert med endelig deflator (TBU).



Sveio kommune nytta i 2024 kr 5 414,- per innbyggjar til kommunehelse. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 5 057,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til kommunehelse blitt om lag 2,0 millionar lågare i 2024. Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar har auka med kr 320,- frå 2021 til 2024. Gjennomsnittet i kommunegruppa har auka med kr 290,- per innbyggjar i den same perioden.

Netto driftsutgifter pr. innbygger til Sosiale tjenester (B)


*) Tallene er inflasjonsjustert med endelig deflator (TBU).



Sveio kommune nytta i 2024 kr 2 973,- per innbyggjar til sosiale tenester. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 3 341,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til sosiale tenester blitt om lag 2,1 millionar høgare i 2024. Eigen innsparingsanalyse i analyseverktøyet Framsikt visar at Sveio kommune nytta 2,4 millionar kroner mindre enn andre kommunar til desse tenestene, når ein justera for kommunanes utgiftsbehov. Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar i Sveio har auka med kr 872,- frå 2021 til 2024. Gjennomsnittet i kommunegruppa har auka med kr 946,- per innbyggjar i den same perioden.

Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner (B)


*) Tallene er inflasjonsjustert med endelig deflator (TBU).



I 2024 nytta Sveio kommune kr 2 442,- per innbyggjar til kultursektoren. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 2 331. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til kultursektoren blitt om lag 0,6 millionar kroner lågare i 2024. Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar i Sveio har auka med kr 260,- frå 2021 til 2024. Gjennomsnittet i kommunegruppa har auka med kr 8,- per innbyggjar i den same perioden.

Netto driftsutgifter til funksjon 390,393 pr. innbygger i kroner (B)

*) Tallene er inflasjonsjustert med endelig deflator (TBU).




	2021	2022	2023	2024
Sveio	860	843	928	840
Landet uten Oslo	776	751	752	729
Vestland	845	835	839	823
Kostragruppe 01	860	806	829	827

I 2024 nytta Sveio kommune kr 840,- per innbyggjar til kyrkja. Dette inkludera ikkje stønad til andre trussamfunn som no er overtatt av staten. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 827,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til kyrkja vore om lag 0,1 millionar kroner lågare i 2024. Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar har gått ned med 20,- frå 2021 til 2024. Gjennomsnittet i kommunegruppa har gått ned med kr 33,- per innbyggjar i den same perioden.

Netto driftsutgifter pr. innbygger til Plan, kulturminner, natur og nærmiljø (B)

*) Tallene er inflasjonsjustert med endelig deflator (TBU).




I 2024 nytta Sveio kommune kr 907,- per innbyggjar til Plan, kulturminner, natur og nærmiljø.

Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 1026,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til Plan, kulturminner, natur og nærmiljø blitt om lag 0,6 millionar høgare i 2024. Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar har auka med kr 36,- frå 2021 til 2024. Gjennomsnittet i kommunegruppa har auka med kr 182,- per innbyggjar i den same perioden.

I følge analyseverktøyet Framsikt nytta Sveio kommune om lag 1,6 millionar kroner mindre til området enn andre kommunar i 2024. Sveio kommune nytta meir til områda plan (1,4) og kart og oppmåling (0,2). Til tenestene Rekreasjon i tettsted (0,9), Naturforvaltning og friluftsliv (0,6), kulturminner (0,6) og byggesak (1,3) nyttar Sveio kommune mindre enn andre kommunar.

Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb (B)

*) Tallene er inflasjonsjustert med endelig deflator (TBU).




I 2024 nytta Sveio kommune kr 6 025,- per innbyggjar til Administrasjon, styring og fellesutgifter. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 6 571,-. Dersom Sveio kommune hadde nytta det same per innbyggjar som gjennomsnittet i kommunegruppa ville utgiftene til Administrasjon, styring og fellesutgifter blitt om lag 3,1 millionar høgare i 2024. Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar gjekk opp med kr 43,- frå 2021 til 2024. Gjennomsnittet i kommunegruppa har minka med kr 3,- per innbyggjar i den same perioden.

Analyseverktøyet Framsikt visar at Sveio kommune nytta meir enn ein gjennomsnittskommune på politisk, kontroll og revisjon og diverse fellesutgifter.

Netto driftsutgifter pr. innbygger til Brann og ulykkesvern (B)


*) Tallene er inflasjonsjustert med endelig deflator (TBU).



I 2024 nytta Sveio kommune kr 2 111,- per innbyggjar til Brann og ulykkesvern. Gjennomsnittet for kommunane i kommunegruppe 1 var kr 1 288,-. Sveio kommune nytta kr 823,- meir per innbyggjar til området enn kommunane i gruppe 1. Dette utgjer om lag 4,7 millionar kroner. Justerte tal visar at netto driftsutgifter per innbyggjar i Sveio har gått opp med kr 884,- frå 2021 til 2024. Gjennomsnittet i kommunegruppa har gått opp med kr 103,- per innbyggjar i den same perioden.

I følge analyseverktøyet Framsikt nytta Sveio kommune om lag 5,8 millionar kroner meir på området enn ein gjennomsnittskommune.

Rammeområder



Kultur – Vigdartun kultursenter

Tenester og oppgåver i avdelinga

Kulturområdet er lovregulert av Kulturlova, Biblioteklova og kulturskulen er forankra i Opplæringslova. Andre føringar for arbeidet innan kulturfeltet er kommunalt vedtekne kommunedelplanar og temaplanar. I desse planane er Den kulturelle skulesekken (DKS), Idrett og friluftsliv forankra. Vigdartun kultursenter inneheld kulturskule, bibliotek, ungdomsarbeid, ungdomsråd, stønadsordningar og anna generelt kulturarbeid.

Eininga sine mål for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen

Eit godt kulturtilbod er ein føresetnad for busetnad og trivsel i kommunen. Barn og unge får gjennom kulturskulen, «Ung Sveio», ungdomsrådet, biblioteket og den kulturelle skulesekken eit breitt kultur- og aktivitetstilbod. Frivillige lag og organisasjonar med aktivitetstilbod til denne gruppa er, og vil også vidare bli prioriterte i støtteordningar som kommunen har oversikt og råderett over. Sveio kommune vil legge til rette for samarbeid med lag og organisasjonar, andre instansar og einskildpersonar, og vera med på å gje innbyggjarane eit variert og kvalitativt godt kultur- og fritidstilbod. Eininga sitt mål innan folkehelse er «fysisk aktivitet for alle kvar dag».

I kva grad har eininga oppnådd dei måla ein hadde sett seg for 2024

Unge og vaksne har alle gjeremål på Vigdartun og det er viktig at alle føler seg inkludert. Gjennom ulike tiltak medverkar eininga til ei betre folkehelse. Det er eit mål at alle som har sin arbeidsplass på kultursenteret er godt synlege og grip inn om dei ser noko kritikkverdig, eller om nokon treng ekstra støtte. På Vigdartun kultursenter har det vore fokus på auka kjeldesortering gjenbruk og straum, men det er viktig at barn og unge ikkje fryr når dei utførar sine aktivitetar. Deler av bygget er vanskeleg å varme opp, dette gjeld særleg biblioteklokala og danse/teatersal i kulturskulen.

Sveio folkebibliotek er eit lite, men svært aktivt bibliotek som legg til rette for gode leseopplevingar og fellesskap for alle aldrar. Me arrangerer eit variert program gjennom heile året og driv spanande prosjekt som Gullringen, Litteratur i gamle hus, Tøyveskebibliotek og #Lesedugleik. #Lesedugleik var fyrst ei eittårig prosjekt som me fekk vidare støtte frå UDIR (Utdanningsdirektoratet) til å driva på andre året.

Sveio kulturskule har digitalisert delar av undervisninga gjennom å dele video og forklaringar, og har kontakt med føresette på nett. Kulturskulen har nytta nye lokal til framsyningar. Vi har to konsertar per semester og har i 2024 også nytta Valenheimen som konsertarena. Kulturskulen, folkebiblioteket og UngSveio har vore med på å gi tilbod om sommaraktivitetar for barn og unge i skuleferien, «Sommarkarusellen 23».

UngSveio er eit viktig tiltak i høve til psykisk helse og aktivisering av ungdom, både etter skuletid og i feriar. I tillegg blir det gitt tilbod om aktivitet i idrettshall, i kulturskulen og i biblioteket. Dette har i mindre grad vore nytta av dei unge.

Kantina i Vigdartun er blitt oppgradert med nye møbler og maling, og det er eit potensiale til å auke bruk av kultursenteret. Dette gjeld også ungdomsrommet.

Fartein Valen-arbeidet i Sveio har hatt ei omorganisering. Fartein Valen festivalen er slått saman med Podium festivalen og er blitt til Podium-Fartein Valen internasjonale musikkfest. Podiumfestivalen har teke over den daglege styringa. Festivalen blir støtta økonomisk av Sveio- og Haugesund kommunar. Kommunen har tildelt plass i styret, og har førebels ein sekretærfunksjon også i stiftelsen. «Fartein Valen 0-100 - kultur for alle» skal vere som det står, eit kulturtilbod for alle. Her søker vi samarbeidspartnarar og har eit utstrekt samarbeid med Valenheimen kulturscene. Dette arbeidet har meir «folkeleg» innhald og har til hensikt å gjere innbyggjarane i Sveio stolte av heimkommunen sin og gje identitet og tilknytning til kommunen. I oktober gjennomførte vi ei heil veke med kulturtilbod til alle aldersgrupper og dei fleste arrangementa var gratis for innbyggjarane. Totalt hadde vi 19 arrangement den veka som gjekk under namnet «Kulturveka».

Sveio kulturskule og Sveio folkebibliotek spilte og ein aktiv rolle i gjennomføringa av «Kulturveka».

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private

Kulturskule: Kulturskular i Hordaland gjennom Norsk kulturskoleråd Vestland. FOS-kulturskulegruppa om rammeplan, kurs m.m. Sveio skulekorps om dirigenttenester.

Bibliotek: Forpliktande samarbeidsavtale med 7 bibliotek i Sunnhordland. Partnerskapsavtale med Hordaland fylkesbibliotek. Deltek i prosjekt med utvikling av Leselyst i skulebibliotek.

Fartein Valen arbeidet: Podiumfestivalen, Haugesund kommune og Fartein Valen Stiftelsen om FV-festivalen. Familien Valen-Sendstad om m.a. bruk av Valenheimen.

Andre: Valenheimen kulturscene om arrangement, Sveio frivilligsentral og ei rekkje frivillige organisasjonar

Økonomi

Netto driftsutgift	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Budsjett 2024	Avvik*
Kultur	7 023 225	7 372 322	7 601 313	-228 991

* Pluss er meirforbruk og minus er mindreforbruk

Organisasjon – tilsette og likestilling

Årsverk og kjønn	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Menn
Vigdartun kultursenter	6,06	10	5	5
Inneheld faste stillingar og 16% <u>mellembeis</u>				

Sjukefråvær

Sjukefråvær %	2021	2022	2023	2024
Vigdartun kultursenter	10,9	5,0	3,8	3,2
Eininga kan sei seg ganske nøgd med <u>sjukefråveret</u> . Gjeld få personar og få tilfelle.				

Hovudutfordringar 2025 Vigdartun kultursenter.

Med kulturskule, bibliotek, ungdomsarbeid i tillegg til generell saksbehandling og kulturoppgåver er det ei utfordring å samordne dei ulike tenestene. Eit mål er å gje tilbod til born og unge som inneheld alle dei ulike elementa. Noko skal vi gjere saman og noko samstundes. Sveio kulturskule samarbeida tett med Sveio folkebibliotek. Samarbeidet har som mål ei betre samordning av kompetansen for betre ressursutnytting og erfaringslæring. Kulturskulen vil framleis arbeide for å utvida tilbodet innan områda teater og musikkproduksjon til tross for at avgrensa midlar kan gjere det vanskeleg. Folkebiblioteket har som mål å gje tilbod om lesekampanjar for barn, ulike kurs og Workshops for ulike aldersgrupper, og å støtte skulane med lesestimuleringstiltak, samlingspleie og kompetanseheving. Biblioteket ønsker å vere ein stad for kunnskap, inspirasjon og fellesskap!

Podium-Fartein Valen internasjonale musikkfest må støttast vidare og arbeidet er avhengige av tilskotsmidlar frå Vestland fylkeskommune for å utføre arbeidet med festivalen. For 2025 er det fylkeskommunale tilskotet redusert. Fartein Valen-arbeidet har som mål eit meir «folkeleg» innhald gjennom Fartein Valen 0-100, som må utviklast i samarbeid med aktuelle aktørar. Å gjennomføre det som ein kulturveke var svært vellukka og tiltaket bør fortsetje.

Idrettshallen er mykje i bruk. Ønskje om alltid innføre eit gitt tidsrom er større enn det kommunen kan gje tilbod om. Det er likevel tider i veka der det er mogeleg å nytte seg av hallen. Eit mål må framleis vere å utnytte all ledig tid.

Det er i samband med oppvekstreforma vedteke ein kommunedelplan for førebyggjande arbeid i Sveio kommune. Planen skildrar den raude tråden i oppvekstreforma som tidleg innsats i kommunen og eit tydeleg pålegg om «at alle skal samarbeida til det beste for barnet og den einskilde familien («laget rundt barnet»)). I planen er det mellom anna gitt eit ansvar til eininga om å evaluera og utvikla tilbodet som i dag bli gitt til uorganisert ungdom ved Vigdartun, utvikla tilbodet som blir gjeve for barn, ungdom og familiar ved Sveio folkebibliotek og prøva ut nye aktivitetar ved kulturskulen for den enkelte og i grupper. Avdelinga skal vidare utvikla samarbeidet med Sveio frivilligsentral og andre for å stimulera til nye og fleire aktivitetar for barn, unge og deira familiar. Dette arbeidet er ikkje systematisk vidareutvikla og ein må sjå på dette i tråd med at ny eining for barn og familiar blir oppretta.

Det er ikkje gitt auka rammer til kulturarbeidet i Sveio kommune og avdelinga må søkje å nå måla med gjeldande ressursar og tilskot. Å søkja tilskot medfører oftast at kommune må stilla med ein eigen ressurs.



Politisk

Tenester og oppgaver i avdelinga

Klargjere saker og gjennomføre møter for kommunestyre, formannskap og hovudutvala oppvekst/kultur, teknisk/næring og helse/omsorg. Andre møter som er gjennomført i løpet av året er eldreråd, råd for personar med nedsett funksjonsevne, valutval og ungdomsråd.

Kode	Utval	Medlemmer	Møter	Saker
KOM	Kommunestyret	25	6	129
FOR	Formannskapet	7	12	156
KON	Kontroll- og kvalitetsutvalet	5	5	29
HHO	Hovudutval helse/omsorg	7	6	39
HOK	Hovudutval oppvekst/kultur	7	7	61
HTN	Hovudutval teknisk/næring	7	6	67
ELR	Eldrerådet	5	6	40
RNF	Råd for personar med nedsett funksjonsevne	5	6	38
KLIMA	Klimautvalet	11	3	9
SGK	Styringsgruppe for kommuneplanen	9	15	43
VUT	Valutvalet	11	1	3

Økonomi

Netto driftsutgift	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Budsjett 2024	Avvik*
Politisk	5 350 489	5 156 127	4 732 000	424 127
Val	357 392	40 317	0	40 317
Revisjon og kontrollutval	1 255 405	1 296 003	1 590 000	-293 997
Sum	6 963 286	6 492 447	6 322 000	170 447

* Pluss er meirforbruk og minus er mindreforbruk

Utgifter:

I hovudsak skuldast avviket under politisk utbetaling av godtgjersle folkevalde (140') og verdibrev (100'), støtte til lag og org /gåver (70`), representasjon (100`) samt ein del mindre avvik som samla sett utgjør resten av avviket. Avviket (40`) under val skuldast programvare (Sikri/samsvar).


Oppvekst - skule

Tenester og oppgåver i rammeområdet

Kommunen har eit overordna ansvar for å sørge for gode oppvekstvilkår for barn og unge. I tråd med opplæringslova skal kommunen legge til rette for at barn, ungdom og vaksne får god opplæring i eit godt miljø. I rammeområdet inngår tre fådelte reine barneskular, ein fulldelt barneskule, eit oppvekstsenter, ein kombinert barne- og ungdomskule og felles skuleadministrasjon. Alle skulane gir i 2024 tilbod om skulefritidsordning (SFO). Sveio skule nyttar Vigdartun med folkebiblioteket og idrettshall saman med kulturskulen. Symjehallen ved Sveio skule vert nytta av barnehagar, skular og Haugesund Svømmeklubb.

Talet på elevar i grunnskulen i Sveio er synkande, og nedgangen vil bli sterkare i åra som kjem. Framskrivinga av talet på ibuarar i aldersgruppene 6-12 år og 13-15 år kan illustrerast slik i to alternativ, hovudalternativet og låg nasjonal vekst (kjelde: ssb.no):

13600: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter statistikkvariabel, alder og år. Sveio.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Det var

770 elevar i Sveioskulen hausten 2024. Dei to minste skulane har 37 og 35 elevar. 253 av elevane går på u.trinna. Det blir gitt tilbod om skulefritidsordning til 184 elevar på 1.-4.trinn og 3 elev på høgare trinn skuleåret 24/25. 30 barn og unge i Sveio har skuleplass i andre kommunar. Dette er fleire enn dei siste to åra. Vaksenopplæring (VO) knytt til Førde skule gir tilbod etter introduksjonslova. Det var totalt 26 elevar i desember 2024. Det blir gitt opplæring i norsk til vaksne, i hovudsak flyktningar og andre innvandrarar. Samfunnsfag blir kjøpt av tilbydarar på nett.

Skulane sine mål for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen

Skulane i Sveio sikrar at opplæringa opne dører mot verda og framtida, og gir elevane historisk og kulturell innsikt og forankring, i samarbeid og forståing med heimen. Skulane har som føresetnad eit læringsmiljø som skaper høg motivasjon for utvikling og læring. Elevane har god trivsel med høg fagleg og sosial kompetanse og eit godt psykososialt miljø. Elevane har tilrettelagt opplæring tilpassa føresetnadane sine (Kommuneplan for Sveio 2020-2032, -samfunnsdel). Eit godt første møte med det norske språket for flyktningar og innvandrarar, og kvalitet i vaksenopplæringa er viktig for å få til god integrering. Dei tilsette i Sveioskulen har eit godt arbeidsmiljø og god relasjonskompetanse. Skulane har aktive og interesserte FAU og SU. Godt samarbeid mellom føresette og skulen er ein føresetnad for å skape gode oppvekstvilkår for elevane og kor

skulen er samfunnsbygger. Skulebygga blir nytta av lag og foreiningar på fritida. Dette er med på å skape gode lokalsamfunn.

I kva grad har eininga oppnådd dei måla ein hadde sett seg for 2024

Gjennom inkluderande praksis og fokus på dei tverrfaglege emna i læreplanen knytt til demokrati og medborgarskap, folkehelse og livsmeistring og berekraftig utvikling, skal barna som veks opp i Sveio kommune bli godt rusta for å vere engasjerte borgarar i framtida.

Kvalitet og læringsutbytte

Skuleiegar arbeida for å halde ved lag og heve kvaliteten i grunnskoleopplæringa (opplæringslova §17-12). Kommunen skal sørge for at skolane jamleg vurderer i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette med heimel i §§ 1-4 første og andre ledd og 1-5 andre og tredje ledd. Det er eit mål i Sveioskulen at alle elevar skal oppnå grunnleggjande dugleikar, oppleve utfordring, personleg utvikling og meistring i skulen. I gjeldande Kvalitetsutviklingsplan 2021-2024 er satsingsområda språk, lesing og skrivning som grunnleggjande dugleikar, inkluderande barnehage- og skulemiljø, betre tverrfagleg innsats og arbeid med LK20 gjort gjeldande. Skulane har auka fokus på dei tverrfaglege emna som integrert del av opplæringa. Det har vore fokus på inkluderande praksis der alle elevar opplever seg som ein del av skulefellesskapet. Skulane har klart å etablere tydelege møtepunkt for å ivareta god overgang mellom barnehage og skule, og mellom barn- og ungdomsskulen. Skulane er aktivt deltakande i dei nasjonale kompetanseordningane. Medråderett og godt partssamarbeid på skulane er ein viktig føresetnad for det faglege- og pedagogiske utviklingsarbeidet. I Tilstandsrapporten blir læringsresultat, fråfall og læringsmiljø analysert og legg grunnlag for prioriterte satsingar og tiltak som blir vist til i den einskilde skule sin utviklingsplan i samanheng med dei kommunale satsingane. Resultata frå elevundersøkinga viser at det området som elevane vurderer til lågast skår, er elevdemokrati og medverknad. Det bør setjast ytterlegare fokus på dette området om vi møta intensjonen i overordna del av læreplanverket og ny opplæringslov.

Ikt, digitale- og analoge læremiddel

Det er jamleg fokusert på korleis kommunen sin ikt strategi blir følgt, kva verktøy elevane skal ha og kor mykje dei skal nytte digitale læremiddel og verktøy. Tilbakemeldinga frå lærarane er at det når det i 2024 blei gjort eit større felles innkjøp av analoge læremiddel i tråd med behov og tildelte ressursar er meir motiverande å undervise. Det er utfordrande å sette av nok ressursar til resterande nye lærebøker i 2025 når vi i tillegg må vurdere behovet for PC til ungdomstrinna slik dei melder behov for. PC er ei dyrare løysing enn Chromebooks.

Inkluderande og trygt læringsmiljø

Skulane og SFO legg stor vekt på å skape eit læringsmiljø med nulltoleranse for mobbing, krenkingar og utestenging. I dette arbeidet blir programma RESPEKT-, Super, Trivsels Leiar og MOT for ungdomstrinna nytta. Skulane har eit sterkt fokus på heim-skule samarbeid, og eit godt samarbeid med lag og organisasjonar. Elevundersøkinga viser at mobbetala blir gradvis lågare frå 5. til 10. klasse, både nasjonalt og lokalt. I 10. klasse i Sveio kommune har mobbetailtallet vore lågare enn grensa for publisering dei fire siste skuleåra. Dette er positivt, men det tyder ikkje at vi ikkje har elevar på ungdomstrinnet som opplever negativ framferd frå medelevar. Det er naudsynt å heile vegen jobba systematisk mot mobbing, plaging og trakassering i heile grunnskulen. Den positive utviklinga for skulebidraget i Sveioskulen held fram for ungdomstrinnet. Skulane samarbeida med PP-tenesta og skulehelsetenesta for sikra inkludering og gode oppvekstvilkår for alle barn. Det er ei utfordring å få nok ressursar til systemarbeid. Sveio kommune arbeider etter handlingsrettleiaren i Betre Tverrfagleg Innsats og det er vedteke å etablere ny eining for barn og familiar innan oppvekst. Ein skal nytte eksisterande ramme og vi er avhengige av tilskot til utvikling og

etablering av tilbudet. Godt samarbeid mellom føresette og skulen er ein føresetnad for å skape gode oppvekstvilkår for elevane og kor skulen er samfunnsbyggjar.

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private

Skulane i Sveio har tett samarbeid med kommunane i Sunnhordland gjennom «Forum for oppvekst i Sunnhordland» (FOS). Andre samarbeidspartar er Haugaland skule og arbeidsliv (HSA) Statsforvaltaren og Utdanningsdirektoratet. Sveio kommune sitt BTI-arbeid fodrar samarbeid med kommunar i Sunnhordland, på Haugalandet, Korus-Stavanger/Bergen og Helse Fonna. Sveio kommune samarbeida med Haugesund og Utsira kommunar om PP-tenester, og med SAPT Vestland om syns- og audiopedagogtenester. Fleire klassar samarbeider med Ungt Entreprenørskap om elevbedrift. Rådgjevarane på u-trinn er knyta opp til eit rådgjevarnettverk i Rogaland.


Økonomi

Netto driftsutgift	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Budsjett 2024	Avvik*
12 Oppvekst - Skule	112 949 094	120 321 450	118 620 104	1 701 346

* Pluss er meirforbruk og minus er mindreforbruk

Rekneskapen viser eit meirforbruk i 2024 på 1,7 MNOK. I underkant av 0,7 MNOK er overforbruk på driftsavtala med private/ tilskott til lærebedrifter. 0,3 MNOK skuldast mindre refusjonar enn forventa på to elevar frå Ukraina, som har behov for tilrettelagt opplæring utover det vanlege. 0,2MNOK skuldast kostnader knyta til skyss. Anna avvik er retta mot løn, blant anna skuldast dette elevar med svake kunnskapar i norsk språk som har medført ekstra utgifter knytt til språkstøtte på eige morsmål i undervisninga.

Tilgjengelege ressursar til kvar skule er knappe. Det er krevjande når det oppstår nye utfordringar gjennom året knytt til ekstra tilrettelegging i samband med individuelt tilrettelagt opplæring i følge §11-6 i opplæringslova. For å løysa utfordringane er det ofte naudsynt med ekstra ressursar. 67 elevar i Sveioskulen får tilbod om spesialundervisning. Dette er ein nedgang frå førige år men framleis høgare enn snittet for landet. Tala på elevar som får spesialundervisning er høgare på privatskular enn på offentlege skular. Det får konsekvensar for Sveio kommune. Elevar med særskilte behov kan få tilbod i gruppe, i eigen avdeling og ved «loftet» på Sveio skule. 25 elevar får tilbod om særskild norskopplæring, som er 24 % auke i frå fjoråret.



Netto driftsutgifter per innbyggjar i alderen 6-15 år for heile grunnskulesektoren er framleis på same nivå som samanlikningsgruppene. Utgiftene til grunnskule per elev er lågare enn KOSTRA-gruppe 1, utgifter til skulefritidsordning og lokaler er lågare, men kommunen har høgare utgifter knytt til skuleskyss med omlag 2 MNOK. Kostnader til skuleplass i andre kommunar er høge. Dette er utgifter rammeområdet har lite påverknad på. Auke i utgifter på desse områda førar diverre til reduksjon i ressursar til ordinær opplæring. Sveio kommune gir tilbod om grunnskuleopplæring til vaksne ved kjøp av tenester frå Breidablik læringscenter i Haugesund.

Organisasjon – tilsette og likestilling

Tal frå Udir.no for 2024-25

Årsverk og kjønn	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Menn
Skuleområdet samla	78,8	92	68	24

Skulane arbeidar kontinuerleg med å sikra god kvalitet og til ein kvar tid ha godt kvalifiserte lærarar. Mest 100% av undervisninga skuleåret 2024/2025 blir gjeven av lærarar som oppfyller kompetansekrava for tilsetjing og undervisning i undervisningsfag.

Sjukefråvær

Sjukefråvær %	2021	2022	2023	2024
AUKLANDSHAMN SKULE	14,9	4,3	12,6	12,6
VALESTRAND SKULE	1,8	2,4	0,5	0,6
FØRDE SKULE	3,2	8,9	7,1	5,1
SVEIO SKULE barne	5,3	7,2	8,5	10,1
VIKSE SKULE	10,5	7	5,7	9,1
SVEIO SKULE ungdom	0	5,1	6,8	5,8

Tre av skulane har eit sjukefråvær som ligg over den kommunale målsettinga for 2024 på lågare enn 6,5 %. Langtidsjukefråværet gjev kommunen ei utfordring med å halda ei jamn og god drift ved skulane. Dette er knytt til utgifter til vikar og utfordringar med å få tak i kvalifisert arbeidskraft (vikarar). Utstrekt bruk av ufaglærte vikarar kan bli eit problem for kvaliteten på undervisninga.

Hovudutfordringar 2025

Å sikra ei forsvarleg drift innan tildelt økonomisk ramme og god utnytting av ressursane til beste for opplæringa i klasserommet har hovudfokus. Skuleeigar skal mellom anna sikra kvalitet på den ordinære undervisninga, at skulane har kvalifisert arbeidskraft innan særleg undervisning, men og tilgang på tilsette som skal følgja opp elevane sånn at alle dei får ei tilpassa opplæring og blir inkludert i fellesskapet. Det er viktig at vi har god kompetanse for å bygge kapasitet i organisasjon slik at vi sikra god leiing, og kvalitet i kompetanseutviklingsarbeidet. Det vil fortsett vera trong for å sette av midlar til systematisk arbeid med implementering av læreplanverk og satsing på utvikling av gode profesjonelle læringsfellesskap.

Det er ei utfordring å finne nok resursar til kompetanseutvikling til utviklingsarbeid som skal gjelde i eit partnerskap mellom kommunar, PP-tenesta og undervisningssektoren (UH her repr. med HVL).

Ikt-strategien i Sveio-skulen skal vere forskningsbasert og vurdert ut frå erfaringar. I 2024 har skulane digitale ressursar i alle fag, men desse er laga med tanke på at ein og skal bruke lærebøkene som høyrer til. Det vil fortsett vere behov for innkjøp av analoge læreverk i fleire fag. Dei digitale ressursane fordrar gode verktøy og det blir ei utfordring å finne ressursar til nye digitale tavler til u-trinnet. Ein del bør skiftast ut då det er vanskeleg å få til god undervisning med gamle tavler.

I 2024 har Auklandshamn skule vore todelt og Valestrand skule tredelt. Det er utfordrande å finne gode løysingar for klassesdeling og god bruk av ressursane dei har i klasseromma. Eit mål er å få til god tilpassa opplæring.

Talet på barn i skulefritidsordningane har auka etter ein nedgangsperiode. Vi har ikkje auka prisen på tilbodet og det har vore ein sterk reduksjon i foreldrebetalinga med gratis kjernetid 1-3 trinn i dei seinare åra. Det er ei utfordring å få til SFO i dei mindre einingane og få til ei SFOdrift som er til sjølvkost. Valestrand oppvekstsenter reduserte frå hausten 2022 opningstida til to dagar, dei korte skuledagane, med tilbod for nokon få born i barnehagen dei andre dagane. Det er ei utfordring å ha SFO i ein barnehage da dei har ulike rammeverk og lovar, jamfør intensjonen i rammeplan for barnehagar og SFO, samt personalmangel jamfør tilsyn av barnehagetilsette. Ei god skulefritidsordning som blir utvikla i tråd med rammeplanen, er særskild viktig om vi skal nå måla i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Etter fleire år med positiv utvikling, er skulebidraget på 1.-4. trinn redusert ved siste måling. På mellomtrinnet har vi no hatt tre år på rad med redusert skulebidrag. Skulebidraget på ungdomstrinnet har betra seg, og det blir viktig å halda fast på denne gode utviklinga.

Sveio kommune har ein ungdomsskule. Vi må arbeide aktivt for å synleggjere ein attraktiv ungdomsskule med god kvalitet for å snu trenden med at fleire elevar søker seg til private ungdomsskular i andre kommunar.

Kommunen må følge tilrådingar i rapport om skulebruksplan 2021 for utbetring av skulebygg og sørge for at det blir lagt til rette for spesialiserte læringsareal der det er trong for det.

Trafikksikring og tryggare skuleveg må fortsett ha fokus tverr-etatleg. Saman med Teknisk område identifisera vi trafikksikringstiltak som skal gi reduserte utgifter til skyss og elevane våre tryggare skulevegar.

Sveio kommune har vedteke å ta sin del av ansvaret for busetjing og integrering. Minoritetsspråklege og nykomne elevar har same rett og plikter som andre elevar, og dei kan ha rett til særskilt språkopplæring. Fleire ressursar må til for å sikra ei slik opplæring og ta i vare elevar med traumar og andre utfordringar ein krig kan føra med seg.

Oppvekst – barnehage

Tenester og oppgåver i avdelinga

Ved utgangen av 2024 hadde Sveio kommune tre kommunalt - og tre privat eigde barnehagar. Bua kultur- og friluftsbarnehage vart lagd ned frå 15. august 2024. Barnehagelova stiller krav til kommunen som barnehageeigar og barnehagemynd. Kommunen er barnehagemynd for barnehagane etter Kap. IV. Kommunen skal sikra at alle barnehageeigarar gir eit barnehagetilbod av høg kvalitet. Barnehagane skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Som barnehagemynd skal kommunen sjå til at alle barnehagane i Sveio vert drivne i samsvar med regelverket. Kommunen skal rettleia, risikovurdera og med bakgrunn i det, føra tilsyn. Barnehagemynd fattar vedtak om spesialpedagogisk hjelp, tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne, teiknspråkopplæring, ASK og skyss. Denne hjelpa vert gjeven av ressursteam – førskule, som består av spesialpedagogar, miljøarbeidar og logoped.

Per 15.12.2024 gjekk det 268 barn i barnehagane i Sveio kommune. 108 av desse har plass i kommunalt eigde barnehagar, medan 160 barn har plass i privat eigde barnehagar. Sveio krins er det største krinsen med 117 barn. Vikse krins har 91 barn, medan Førde krins har 44 barn og Valestrand krins har 16 barn.

Eininga sine mål for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen

Dei kommunale barnehagane jobbar strukturert og målretta med å skapa eit godt pedagogisk miljø som gir kvart barn gode utviklings- og opplæringsmoglegheiter. Barnehagane har ein raud tråd frå lov og rammeplan, kommunale planar til barnehagen sine lokale planar. Planane skal sikra eit godt pedagogisk innhald som tek i vare barns individuelle utvikling og barnegruppa sine behov. Barnehagane jobbar systematisk med satsingsområda i kvalitetsutviklingsplanen. Sveio- og Førde- barnehagar deltar i den Regional ordning for kompetanseutvikling for tredje året på rad. Dette er samarbeid i partnerskap med Høgskulen på Vestlandet. Mål i utviklingsarbeidet er at barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som driver god pedagogisk leing og at barnehagen er ein lærande organisasjon slik barnehagelova og rammeplanen krevjar. Det inneber at verdigrunnlaget til barnehagen vert formidla, praktisert og opplevd i alle deler av det pedagogiske arbeidet. Innhaldet i barnehagen skal vere forankra i rammeplanen og er allsidig, variert og tilpassa enkeltbarn. Pedagogiske leiarar sikrar at dei har system, kompetanse og handlingskompetanse som varetar barnas behov for omsorg. Barnehagane jobbar etter BTI modellen, som skal sikra medverknad, det tverrfaglege arbeidet og syte for tidleg innsats og rett hjelp til rett tid. Spesialpedagogane og PP-tenesta har ei naturleg rolle i arbeid med å leggje til rette for barn med behov for tilrettelegging. Hensikten er at de får et inkluderande, likeverdig og tilpassa pedagogisk tilbod.

I kva grad har eininga oppnådd dei måla ein hadde sett seg for 2024

Alle mål er jobba aktivt med. Det pedagogiske innhaldet tek utgangspunkt i overordna planar for satsingsområda i Sveio kommune. Barnehagane har hatt spesialet fokus på systemarbeid slik at planar, innhald, val av metode og personalet si forståing for arbeidet, går som ein raud tråd i arbeidet.

Det er ein kontinuerleg prosess å utvikla den pedagogiske praksis, den pedagogiske forståing, og den pedagogiske tilrettelegging for utvikling i barnegruppa og hos enkeltbarn. Arbeidet i barnehagane sikrar at dei har eit godt pedagogisk innhald som tek i vare barns individuelle utvikling og barnegruppa sine behov. Kommunikasjon og språk er integrert på lik linje med den autoritative vaksenrollen. For å få til eit trygt og inkluderande barnehagemiljø er det mellom anna arbeidd med tryggleiksirken (COS), forstå barnet innanfrå, og leggje til rette for at kvart enkelt barn skal oppleve ein trygg og god barnehagekvardag. Dette

heng tett saman med prosjektet «Hallo! Adjø!» og prosjekt knytt til foreldrestøttande tiltak som fortsett i 2025.

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private

Barnehageområdet har tett samarbeid med kommunane i Sunnhordland gjennom «Forum for oppvekst i Sunnhordland» (FOS). FOS blei i 2024 administrert frå Sveio. Andre samarbeidspartar er Statsforvaltaren, Utdanningsdirektoratet, vidaregåande skular, Sveio ungdomsskule, HVL, Opero og NAV. I samband BTI samarbeider kommunen med alle kommunar i Sunnhordland (FOS) og på Haugalandet, Korus Stavanger/Bergen og Helse Fonna. Vi samarbeida med Haugesund og Utsira kommunar om PP-tenester, og med SAPT Vestland om syns- og audiopedagogtenester.

Økonomi

Netto driftsutgift	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Budsjett 2024	Avvik*
17 Oppvekst - Barnehage	27 791 829	30 470 114	28 707 098	1 763 014

* Pluss er meirforbruk og minus er mindreforbruk

Totalt har oppvekst-barnehage eit meirforbruk på 1,76 MNOK. Barnehagane har eit meirforbruk på kr 149.000. Ressursteamet har eit meirforbruk på 0,5 MNOK knytt til logopedteneste gitt skuleelevar, og ukrainsk elev med behov for individuell tilrettelegging i skulen. Kommunen fekk ikkje tildelt tilskot 1. for flyktningar fullt ut slik det vart søkt om. Barnehage administrasjon har eit meirforbruk på rett over 1,1 MNOK. Av dette er utgifter til barnehageplass i andre kommunar for barn busett i Sveio på omlag 0,6 MNOK over budsjett. Det gjeld ikkje så mange barn, men utgiftene er høge (følgjer nasjonale satsar). I tillegg har vi færre barnehageplassar i Sveio som blir finansiert av andre kommunar. Dette er utgifter og inntekter som er lite føreseielege og vanskeleg å planleggje, men kommunen må kunne konkurrera med attraktive og kvalitative gode barnehagar i eigen kommune. Driftsavtalar og lisensar har meirforbruk på 0,1 MNOK.

Organisasjon – tilsette og likestilling

Organisasjon – tilsette og likestilling

Årsverk og kjønn	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Menn
13100 Spesped-team	6,5	7	7	0
13221 Førde barnehage	12	13	11	2
13222 Sveio barnehage	12,8	16	15	1
13223 Valestrand oppv.	4,33	8	7	1

Det er ei sterk overvekt av kvinner som arbeider i barnehagane. Fleire menn vil kunne føre til ein jamnare kjønnsbalanse samt gi ulike rollemodellar for barna som går i barnehagane. Det er i alt 11,8 pedagogiske leiarar tilsett i dei kommunalt eigde barnehagane.

Sjukefråvær

Sjukefråvær %	2021	2022	2023	2024
13100 Spesped-team	7,3	4,1	2,5	4,9
13221 Førde barnehage	11,8	4,3	19,6	10,2
13222 Sveio barnehage	16,6	15,9	20,6	16,2
13223 Valestrand oppv.	0,9	5	3,7	10,4

Rekruttering, arbeidsmiljø og sjukefråvær vert kontinuerleg arbeidd med. Dette visar igjen i statistikken for sjukefråvær 2024 kor Førde barnehage har gått ned. Barnehagane legg til rette for gradert friskmelding, har jamlege oppfølgingsmøter og tilpassingar så langt det lar seg gjere.

Hovudutfordringar 2025

Kvalitetsutvikling: Barnehagane arbeider vidare med satsingsområda i kvalitetsutviklingsplanen og måla i arbeidet med Regional ordning for kompetanseutvikling. Grunna sjukefråvær og utfordringar med rekruttering for ein av barnehagane er arbeid med å utarbeida felles malar og årshjul som sikrar planlegging, gjennomføring, dokumentasjon og vurdering av det pedagogiske arbeidet ikkje ferdig.

Synkende barnetal og sikring av barnehageplassar: Talet på barn i barnehagealder har gått ned sidan 2023. Det gjekk 25 færre barn i Sveio-barnehagane i 2024. Det er venta nedgang i barnetalet fram til 2025 (SSB), og det blir derfor viktig for kommunale barnehagar å forsette med å tilby barnehagetilbod av god kvalitet, og slik vere attraktiv når føresette veljar barnehageplass. Sveio kommune har plikt til å sikra barnehageplass ved hovudopptaket til alle søkjarar som har rett på barnehageplass. Den samla kapasiteten på barnehageplassar i Sveio sentrum har i løpet av 2024 blitt redusert. Sjølv om ein framleis har ledige barnehageplassar i Sveio kommune etter samordna opptak 2025, er det for få ledig plassar i Sveio krins. Dette kan innebere at søkjarar som ynskjer plass i Sveio krins, får tilbod om barnehageplass i Vikse og Førde krins. For fleire familiar inneber det lengre køyring til barnehage.

For Valestrand oppvekstsenter gjeld at det med færre barn vil vere vanskeleg å sikra inntekt nok knytt til ekstrahjelp og bemanning for å ha forsvarleg drift på opningstida. Det vil vere ei utfordring å behalda full opningstid med få tilsette. Hausten 2022 reduserte barnehagen opningstida frå 9,5 time til 9 timar om dagen.

Rekruttering av vikarar: Det er fortsett svært krevjande å få tak i vikarar i dei kommunale barnehagane. Dette er ei utfordring i ein sektor med høgare sjukefråvær enn det som elles er vanleg. Ved å sette av midlar til auka grunnbemanning kan ein leggje til rette for ei meir robust drift, som kan tole fråvær betre og gje eksisterande personalet mindre slitasje ved langvarig sjukdom, men det vil framleis vere ei utfordring å rekruttera personell.

Trong for oppgradering av bygningsmassane: Dei kommunale barnehagane har ein bygningsmasse som er prega av slitasje og treng utskifting og oppgradering. Sveio barnehage treng nytt bygg, dagens bygg behøve mellom anna nytt brannvarsling system, nytt ventilasjonsanlegg, og fleire rom. Det er sett av midlar til at Førde barnehage skal få ei oppgradering inne i 2025. Det vil vere eit fokus på dette dei neste åra. Det er ynskje om nye ringeklokker for brannalarm. Når dei tilsette er på uteområdet, kan dei ikkje høyre om brannalarmen går.

Kommunedelplan for førebyggjande arbeid i Sveio kommune skildrar den raude tråden i oppvekstreforma som tidleg innsats i kommunen og eit tydeleg pålegg om «at alle skal samarbeida til det beste for barnet og den einskilde familien. Det vil vere naudsynt at ein nyttar ein del ressursar på etablering av den vedtekne nye eininga for barn og familiar i tråd med at *Samordningsplikten lovfester et ansvar for kommunen til å sørge for at den enkelte tjenestemottaker får et samordnet tjenestetilbud.*

Helse og rehabilitering med fellestenester

Tenester og oppgaver i avdelinga

Helse m/fellestenester består av eit mangfald av tenester: helsestasjon- og skulehelseteneste, jordmorteneste, fastlegeteneste, kommunale legetenester, legevakt, psykisk helseteneste, tenester til rusmisbrukarar, butiltak for vanskelegstilte, fysio- og ergoterapiteneste og hjelpemiddel og frisklivstiltak. Tenestekontor har bestillerfunksjon for pleie- og omsorgstenester i kommunen og høyrer til i rammeområdet. Kostnader knytt til interkommunalt arbeid som t.d. Krisesenter, felleskostnader som pasientskadeerstatning, forsikringsoppgjer for pasientar i utlandet m.m., FOU-samarbeid, valdtekstmottak og fordelte sekretærutgifter for Samarbeidsutvalet Helse Fonna – kommunar er også en del av rammeområdet.

Eininga sine mål for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen

Rammeområdet skal gi viktige bidrag til innbyggjarane i Sveio si helse innafor alle aldersgrupper, frå førebygging og helsefremjande arbeid til rehabilitering og habilitering. Gjennom fokus på service, fagleg kompetanse og kvalitet skal alle tilsette i eininga bidra til at Sveio kommune er ein god stad å bu. Området bidrar elles, både internt i kommunen og eksternt i diverse samarbeidsfora, til planleggings- og utviklingsarbeid.

I kva grad har eininga oppnådd dei måla ein hadde sett seg for 2024

Ein av hovudutfordringane i 2024 har vore å stabilisera og nivåjustera tenestene etter pandemien og følgjene av pandemien. Psykisk helseteneste og skulehelsetenesta er av dei tenestene i rammeområdet som har hatt dei største utfordringane. Dei nemnte utfordringane i desse tenestene har og vore påverka av ei tidvis krevjande bemanningssituasjon. Arbeidet med «oppvekstreforma» har ført til ein ny organisering for nokre av tenestene til barn og unge. Sveio kommune vil frå 1. aug 2025 ha etablert ei ny eining; Eining for barn og familie, som vil føre til organisatoriske endringar for helsestasjonen og psykisk helseteneste. Målsetnaden om å stabilisera og nivåjustera blei delvis oppnådd i løpet av 2024, men dette arbeidet vil måtta fortsetja i 2025. Digitaliseringsarbeidet innanfor rammeområdet blei og vil i framtida bli sterkt påverka av at kommunen i 2023 blei en del av IKTNH.

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private

Samarbeidspartane som vert lista opp her gjeld for samtlege rammeområde innafor Helse og omsorg; Krisesenter Vest IKS, Interkommunalt valdtekstmottak – i samarbeid med Helse Fonna, Legevaktsamarbeid med Tysvær, Bokn, Karmøy, Haugesund og Utsira, Syns- og audiopedagogisk samarbeid – Vestland fylkeskommune og andre sunnhordlandskommunar, Rehabiliteringsteneste – Rogaland og Vestland via helseføretak, samarbeid om forskning og utvikling (FOU) med HSH, Helse Fonna og dei andre kommunane innafor helseregionen, avtale om pasientlogistikk/hospitering – somatikk og psykiatri – Helse Fonna, samarbeid med HVL utdannings- /praksisløp for sjukepleiestudentar, samarbeid med v.g.s. og fagopplæringskontor samt AOF og div høgskular/universitet om ordning for lærlingar og andre utdanningsløp.

Kommunen har i 2024 kjøpt tenesta; Helsestasjon for ungdom, av Haugesund kommune.

Økonomi

Netto driftsutgift	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Budsjett 2024	Avvik*
Helseavdeling med fellestenester	35 195 889	39 154 044	38 775 229	378 815

* Pluss er meirforbruk og minus er mindreforbruk

Organisasjon – tilsette og likestilling

Årsverk og kjønn	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Menn
Helse m/fellestenester	37,6	37,0	34,0	8,0


Sjukefråvær

Sjukefråvær %	2021	2022	2023	2024
Helse m/fellestenester	4,7%	4,6%	7,4%	5,90

Rekneskapen for 2024 visar eit meirforbruk på 378 815 kr, og dette skuldast hovudsakleg at tilskot for Krisesenter IKS for 2025 er belasta i 2024.

Hovudutfordringar 2025

Enkelte av tenestene vil i 2025 framleis ha ei utfordring med å stabilisere og nivåjustering av tenestene etter pandemien og følgjene av pandemien. Digitaliseringsarbeidet vil vera utfordrande og i 2025. Etablering av ny eining for barn og familie i kommunen vil ha fokus, samt arbeide forfor eit t vidare god samarbeid mellom tenestene. Framtidig lokalisering av dei forskjellige tenestene, legekantor i Sveio, helsestasjon, psykisk helseteneste og bu, miljø og meistring vil prege 2025.



Pleie og omsorg

Tenester og oppgåver i rammeområdet:

Eininga gir medisinsk- og sjukepleiefagleg hjelp til pasientgrupper med ulike behov på omsorgssenteret og i heimen. Eininga gir rehabiliteringstilbod til pasientar etter brot, slagtilfelle, hjartesjukdom m.m., samt gir palliativ (lindrande) behandling i livet sin slutfase på institusjon og/eller i heimen. Det vert og lagt til rette for livskvalitet og aktivitet for langtidspasientar. Eit godt aktivitetstilbod på dagsenter til ulike brukargrupper er viktig, og vert gitt i og utafor institusjonen 4 dagar i veka.

Eininga organiserer utkøyring av varm middag til heimebuande, har BPA (brukarstyrt personleg assistent), gir omsorgsløn, utførar fakturering av eigenbetaling for opphald, har middagssal, yt praktisk bistand, organiserer dagopphald samt andre aktuelle tenester. Rammeområdet er regulert av lov om kommunale helse og omsorgstenester, Lov om pasient og brukar rett, Forvaltningslova m.m.

Eininga sine mål for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen

Grunnleggjande verdi for eininga er å ha respekt for det einskilde menneske. Brukarane skal kunne bu lengst mogleg heime på ein trygg og god måte, jamfør fellesskap og meistring i Bu trygt heime reforma.

Heimetenestene skal ytast på ein slik måte at brukaren opprettheld, eller betrar funksjonsnivå så langt som mogleg. Før varige hjelpetak vert etablert skal tilrettelegging av bustad, velferdsteknologi ol. vera prøvd eller vurdert. Brukarmedverknad, eigenomsorg og aktivitet vert vektlagt i einingane. Tverrfagleg samarbeid med fysio-/ergo tenesta og tenestekontoret for å finne gode løysingar for den einskilde brukar sine behov er viktig. Kvalitetssikring av tenestetilbodet skal vera ein kontinuerleg prosess. Eininga skal auke jobbnærvær og redusera fråvær ved fokus på tilrettelegging og moglegheiter i staden for avgrensing.

I kva grad har eininga oppnådd dei måla ein hadde sett seg for 2024

Tenesta vil gjennomføre planlagde samtalar 1 gonger pr. år med brukarar og pårørande i langtidsavdelingane, dette er i hovudsak gjennomført. Det er lagt til rette for at seniorar skal kunne fortsetje i arbeid til pensjonsalder, samt at gravide arbeidstakarar kan stå i jobb under svangerskapet. Dette har gjeve positive resultat. Einingane har og hatt fokus på drift og implementering av velferdsteknologi. Ved auka bruk av avlastning- og vekselsopphald og dagsenter kan brukarane bu heime lengre, og dette vert nytta i utstrakt grad. Det er igangsett ein prosess for å sjå på oppgåvedeling på tvers av einingane. Målet er å betre ressursutbytte for framtida, og det er no tilsette ein servicemedarbeidar i prosjektstilling.

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private

Einingane samarbeider med HVL og Tirna. Heimetenesta har samarbeid om BPA tenester frå MIO.

Tenester	Tenestemottakar:	2022	2023	2024
Heimesjukepleie		143	169	182
Heimehjelp		57	50	53
Tryggleiksalarmar		110	121	123
Korttidsopphald		113	109	94
Langtidsopphald		48	41	49
BPA		1	1	1
Omsorgsløn		4	4	4
Dagtilbod		44	30	31

Netto driftsutgift	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Budsjett 2024	Avvik*
Pleie og omsorg	73 041 229	78 675 244	74 940 031	3 735 213

* Pluss er meirforbruk og minus er mindreforbruk

Meirforbruk er hovudsakleg knytt til løn. Det har vore høg utgift på overtid for å sikra forsvarleg drift i vakante stillingar og høgt sjukefråvær. Innleige av ekstravikarar for å ivareta auka tenestebhov svarar til totalt 3,3 årsverk. Ein har framleis høge straumutgifter og auka prisstigning. Dette var det ikkje budsjettert nok for.

Organisasjon – tilsette og likestilling

Årsverk og kjønn	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Menn
Lærlingar	4,0	4,0	1,0	3,0
Pleie og omsorg	78,5	104,0	95,0	9,0

Sjukefråvær

Sjukefråvær %	2021	2022	2023	2024
Pleie og omsorg	11,9 %	13,8%	10,65%	10,3%

Sjukefråværet har betra seg i Heimenesta, medan det på omsorgssenteret har heldt seg stabilt høgt. Eininga samarbeider med NAV arbeidslivssenter, og heile PLO held på med tiltaket «Ein bra dag på jobb». Dette er eit systematisk arbeid med arbeidsmiljø, og i forlenginga av dette vonar ein at sjukefråværet kan bli betre.

Hovudutfordringar 2025

Størst er utfordringa med å rekruttera og behalde nødvendig kompetanse for å sikra at einingane er robuste i drift og ein attraktiv arbeidsgjevar. Dette vil kunne hindra press på tilsette og gje gode tenester til innbyggjarane i Sveio kommune. Komplekse behandlingsoppgåver gjer at det no er meir fagleg spenn i arbeidsoppgåvene dei tilsette utfører enn det var før. Med auka fokus på at brukarar skal kunne bu lengre i eigen heim, vil det måtte føra til endringar i drifta til Heimenesta. Helsetenester knytt til brukarar med demens er i sterk vekst, og det er utfordrande å gje forsvarlege tenester i heimen over tid. Dette vil auke presset på plassar for personar med demens på omsorgssenteret. Skal ein klara å betene behova for tenester framover, så må ein inn og vurdere andre tiltak som kan vera med på å ivareta brukarane heime. Som følgje av at dei er sjukare og har større og anna hjelpebehov enn før krev pasientane som bur på institusjon tettare oppfølging. Tenesta skal legge til rette for forsvarleg drift i eininga knytt til brukarar som krev ekstra bemanning grunna store åtferdsutfordringar og fare for utagering. Kompetansebygging og opplæring vil krevje mykje av eininga for å kunne bygge og oppretthalde tenestekvalitet. Å implementera velferdsteknologi som teneste og verktøy for dei tilsette vil ha fokus, men og er ressurskrevjande i rammeområdet. Implementering av nytt EPJ system vil krevje mykje av eininga i 2025.

NAV med flyktingavdeling

Tenester og oppgåver i avdelinga

Nav Sveio skal bidra til økonomisk og sosial tryggleik, og fremja overgang til arbeid og aktivitet. Eininga gir råd og rettleiing med mål om at personar skal skaffe eller behalde arbeid. Eininga gir hjelp og støtte til dei som er i ein økonomisk og sosialt vanskeleg situasjon.

Nav Sveio er eit partnerskap mellom Sveio kommune og Nav Vestland (Arbeids- og velferdsetaten). Eininga gir tenester etter lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga, lov om arbeids- og velferdsforvaltninga og lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid.

Eininga sine mål for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen

Nav Sveio har mål om å gi menneske moglegheiter. Samfunnsoppdraget med å få fleire i arbeid og aktivitet er helsefremjande i seg sjølv. Eininga jobbar for å betra levkåra til vanskelegstilte i Sveio kommune.

I kva grad har eininga oppnådd dei måla ein hadde sett seg for 2024

Det har vore nok eit år med stor aktivitet i arbeidsmarknaden og låg arbeidsløyse. I 2024 har det vore ei positiv utvikling for Nav sine brukarar og overgangen til arbeid. Resultat viser at ein større andel personar med nedsett arbeidsevne har overgang til arbeid enn tidlegare. Dei viser også at eininga har fleire personar som gjennomfører arbeidsretta tiltak.

Det er framleis eit aukande behov for sosiale tenester. Det har påverka utbetalingar av økonomisk sosialhjelp. Forbetringsarbeid og auka innsats på kvalifiseringsprogram, har ført til fleire mottakarar av kvalifiseringsstønad. Målet er at auka bruk av programmet skal føra til fleire brukarar får stabil og varig tilknytning til arbeid.

Eininga får tilskot til utvikling av dei sosiale tenestene frå Statsforvaltaren. I 2023 starta prosjektet «Framtidsbasar for familien». Prosjektet har som mål å auka det tverrfaglege samarbeidet for sårbare barnefamilier. Det skal bidra til at fleire av familieane blir sjølvforsørge og at barna fullfører skule, tar utdanning og får ein stabil og god jobb. Erfaringane og resultata så langt er positive. Eininga har fått forlenga prosjektet i 2025.

Flyktingtenesta har tatt i mot om lag 30 nye flyktingar i 2024. Eininga kan visa til gode resultat for dei som har avslutta introduksjonsprogram. 10 flyktingar har fått jobb og 5 er i arbeidsretta tiltak ved utgangen av året.

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private

Nav Sveio tar ei aktiv rolle i samarbeid med andre einingar i kommunen, til dømes gjennom tverrfaglege fagdagar, frivillige og bustadsosialt arbeid. Eininga har eit etablert samarbeid med Vestland fylkeskommune og helsesektor.

Eininga er ein del av Nav region Sunnhordland, og samarbeidar tett med dei fem andre Nav-kontora i regionen.

Økonomi

Netto driftsutgift	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Budsjett 2024	Avvik*
NAV med flyktningarbeid	18 001 819	20 067 779	18 498 424	1 569 355

* Pluss er meirforbruk og minus er mindreforbruk

Årsak til avviket er i hovudsak auke i utbetaling av introduksjonsstønad og kvalifiseringsstønad.

Organisasjon – tilsette og likestilling

Årsverk og kjønn	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Menn
Nav med flyktningarbeid	13,1	14,0	10,0	4,0

Eininga har 10,3 kommunale årsverk og 2,8 årsverk som er statlege.

Sjukefråvær

Sjukefråvær %	2021	2022	2023	2024
Nav med flyktningarbeid	7,2 %	6,4 %	5,2 %	8,1 %

Hovudutfordringar 2025

Hovudutfordringa for 2025 er å halde fram den positive utviklinga med at fleire av dei som treng mest hjelp kjem i arbeid. Eininga må saman med dei det gjeld finne løysingar som sørger for varig og stabil tilknytning til arbeidslivet. Det eit mål at eininga skal få ungdomsgarantien til å fungera. Då må eininga mellom anna sørge for ein fast kontaktperson og eit velfungerande samarbeid med arbeidsgjevarar, helsesektor og utdanning. Eininga skal i 2025 starta opp eit ungdomsprosjekt saman med eining for Helse og rehabilitering. Det skal vera eit tilbod til unge vaksne for å førebyggja og hindra utanforskap.

Eininga forventar framleis eit stort behov for sosiale tenester. Det er eit aukande behov for økonomisk rådgjeving og fleire gjeldssakar. Dette er eit resultat av dyrtid. Eininga må sørge for god kvalitet på tilgjengelegheit, avgjersle om oppstart og oppfølging av økonomisk rådgjeving.

Sveio kommune er anmoda om å ta i mot 30 nye flyktningar i 2025. Flyktningtenesta har dei siste åra bygd opp god kompetanse og erfaring. Tenesta får også i år ei utfordring med å sørge for rask busetting og integrering i samfunnet. God tilgjengelegheit på bustadar må sikrast. I tillegg er det forventningar om raskare overgang til arbeid for flyktningane.



Barnevernstenesta

Tenester og oppgåver i avdelinga

Barnevernstenesta skal arbeide førebyggjande for å hindre vekst av sosiale vanskar og omsorgssvikt, samt hindre utilsikta flyttingar av barn frå heimen. Dette vert gjort ved å gje tilbod om tiltak etter Lov om barnevernstenester når det er behov for det, samt ved å arbeide saman med andre instansar til det beste for barna.

I løpet av 2024 mottok tenesta 148 meldingar mot 99 året før.

Pr 31.12. fekk 34 barn hjelpetiltak medan dei budde heime, 10 barn er plassert i fosterheim (5 frivillig plassert) og 2 ungdommar bur i barneverninstitusjon. I løpet av året er det fleire barn som har hatt hjelpetiltak en dei som var aktive pr 31.12.24. I tillegg har tenesta ansvar for tilsyn for alle barn plassert i fosterheim i kommunen. Pr. 31.12. hadde tenesta ansvar for tilsyn knytt til 16 barn i fosterheimar i kommunen.

Eininga sine mål for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen

Barnevernstenesta skal levera forsvarlege tenester til brukarane og tilstreba best mogleg praksis. Dette inneber fokus på å overhalde fristar for sakshandsaming, praktisering av godt barnevernsfagleg skjønn, ha tiltak som verkar, arbeida mot å styrka det tverrfaglege samarbeidet både internt i kommunen og eksternt, samt leggja til rette for brukarmedverknad i alle ledd av sakshandsaminga. Barnevernstenesta har høg fagleg kompetanse. Alle tilsette har sosialfagleg høgskuleutdanning.

I kva grad har eininga oppnådd dei måla ein hadde sett seg for 2024

Prosjektsamarbeid med omliggjande barnevernstenester har vore prioritert ring fosterheimsarbeid, og dette fungerer godt.

Barnevernstenesta kan no tilby fleire foreldrestøttande tiltak då TIBIR modellen («Tidleg innsats for barn i risiko») er blitt utvikla i kommunen.

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private

Barnevernstenesta samarbeider mellom anna med BUF- etat (statleg barnevern). BUF- etat leverar tenester til kommunen i form av formidling av fosterheimar, samt formidling av institusjonsplassar til ungdom. Vidare gir BUF-etat tenester til kommunen i form av foreldrerettleiingsprogrammet MST, familieråd og foreldre-barn senter.

Barnevernstenesta samarbeidar og kjøper tenester av private aktørar for utføring av oppgåver som tilsyn i fosterheimar, rettleiing i fosterheimar, ulike typar miljøarbeid, fosterforeldre, støttekontaktar, besøksheimar og sakkunnige. Barnevernstenesta har i 2023 og leigd private til å gjennomføra einskilde undersøkingar. Dette på grunn av vakansar i stillingar.

Barnevernstenesta samarbeida med 3 andre kommunar om vaktordning for barnevern utanfor ordinær arbeidstid.

Barnevernstenesta samarbeider med alle barnehagane og skulane i kommunen, både i einskildsaker og i felles fagmøte. Det er eit pågåande arbeid der ein ser på dagens samarbeidsform.

Økonomi

Netto driftsutgift	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Budsjett 2024	Avvik*
Barnevern	15 758 657	17 085 584	16 308 804	776 780

* Pluss er meirforbruk og minus er mindreforbruk

Meirforbruket skuldast ny institusjonsplass for siste halvdel av 2024. Ein institusjonsplass har ein kommunal eigenandel på 182 700,- pr måned

Organisasjon – tilsette og likestilling

Årsverk og kjønn	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Menn
Barnevern	6,0	6,0	6,0	0,0

Sjukefråvær

Sjukefråvær %	2021	2022	2023	2024
Barnevern	1,9	9,2	8,9	6,7

Tenesta har i sidan 2022 hatt eit markant høgare sjukefråvær enn tidlegare år. Dette skuldast i hovudsak langtidssjukmeldingar knytt til svangerskap og er ikkje arbeidsrelatert.

Hovudutfordringar 2025

Samarbeid med andre kommunar vil vera svært viktig framover for at Sveio skal kunne innfri krav og forventningar til kva barnevernstenesta skal ivareta av tilbod og tenester. Rekruttering av kvalifisert fagpersonell er og vil bli ei stor utfordring framover. Små fagfellesskap er særleg sårbare, og større må vurderast.

Barnevernstenesta må saman med andre tenester i kommunen arbeida for å leggja til rette for at hensikta med Barnevernsreformen/Oppvekstreformen vert oppfylt. Kommunen har fått tilskot til ein 20% prosjektleiarstilling som har som formål å kartlegga status på foreldrestøttande tiltak i kommunen og korleis sikra vedlikehald og organisering av tilbodet på best mogleg måte. Prosjektet går over 2 år. Det er ein tilsett frå barnevernstenesta som har denne stillinga no.

Habilitering

Tenester og oppgåver i avdelinga

Eining Habilitering tilbyr tenester til born og vaksne med psykisk utviklingshemming i Sveio kommune. Eininga gir heildøgns bustadtilbod til tretten brukarar og kommunal avlasting til ein brukar.

Støttekontakt, privat avlasting og BPA er tenester som ligg innan for tenesteområdet sitt ansvar.

Fagteam Habilitering gir tenester til heimebuande barn, unge og vaksne. Desse tenestene består av kartlegging av behov, tilråding av aktuelle og nødvendige hjelpetiltak forutan rettleiing ovanfor foreldre/føresette for aktuelle målgrupper. Målgruppa omfattar personar med ulik grad av funksjonssvikt med omsyn til kognitive evner og ressursar. Fagteamet arbeidar for å sikre tenestekvaliteten til heimebuande barn og ungdom gjennom rettleiing og samtalar til føresette. Støttekontaktar og privat avlasterar får tilbod om rettleiing. Ei gruppe eldre heimebuande psykisk utviklingshemma har dag tilbod 1-3 dagar i veka. Sveio kommune vart tildelt ein ny VTA plass ved UNI-K i 2023. Det er no seks innbyggjarar som nyttar arbeidstilbod ved UNI-K og 1 innbyggjar ved Podlen verkstad.

Eininga sine mål for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen

Sveio kommune skal være ein god stad å bu for alle, det gjeldt også for innbyggjarane i kommunen som fell innunder ansvarsområdet Habilitering. Eininga har i dag kommunale bustadar som ligger sentrumsnært, samt ein avdeling ved Straumøy gard for dei som har behov for eit anna tilbod. Aktivitetshuset sikrar betre aktivitetstilbod på dagtid. Brukarane får auka livskvalitet gjennom ein meningsfull kvardag.

Fagteam Habilitering jobbar for at flest mogleg skal få bu heime lenger. For innbyggjarar i kommunen med nedsett kognitiv funksjon er det gjerne behov for rettleiing og oppfølging i eigen bustad utanfor barndomsheimen. Velferdsteknologi kan bidra til auka tryggleik for utviklingshemma brukarar. Velferdsteknologi gir sjølvstende til heimebuande. Ved utbygging av nye bustader må dette ha høgt fokus.

Eining Habilitering treng kvalifisert personale for å kunne drive fagleg forsvarleg. Vernepleiarar er naudsynt, men svært vanskeleg å rekruttera. Ein må ha fokus på gode turnusordningar for å rekruttere rett kompetanse. Vernepleiarutdanning er ein prioritert utdanning som eininga legg til rette for at personalet skal kunne gjennomføra.

Eining Habilitering har auka søknadsmengde med behov for kommunale tenester. Dette gjeld særskilt auka behov for avlasting, støttekontakt og miljøarbeidartenester til heimebuande. Unge personar i målgruppa ynskjer å bu sjølvstendig, og få tildelt BPA eller miljøtenester med punktoppfølgning. Barn med ADHD er også ei gruppe som har auka behov for tenester. Samordna og betre tilrettelagte bustadar for aktuell gruppe har aukande behov. Nye og fleire bustadar må prioriterast. Målgruppa leiger i dag bustad ved eining Habilitering, der døgkontinuerlege tenester vert tilbydd.

I kva grad har eininga oppnådd dei måla ein hadde sett seg for 2024

Miljøarbeidar som tilbyr miljøtenester til heimebuande vaksne har vore tilgjengeleg sidan hausten -24. Dette er ei teneste som eininga har vurdert er naudsynt, og som er del av ordinært tenestetilbod til brukargruppa.

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private

Eining Habilitering har avtalar med private aktørar, UNI-K og Podlen verkstad. I tillegg kjøper ein arbeidstilbod av Haugesund kommune for ein brukar.

Økonomi

Netto driftsutgift	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Budsjett 2024	Avvik*
Habilitering	45 439 342	51 646 508	50 489 657	1 156 851

Organisasjon – tilsette og likestilling

Årsverk og kjønn	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Menn
Habilitering	63,3	70	56	14


Sjukefråvær

Sjukefråvær %	2021	2022	2023	2024
Habilitering	15,5%	10,7%	12,6%	11,7%

Hovudutfordringar 2025

Auka behov for tenester gir økonomiske utfordringar. Unge vaksne har behov for miljøtenester når dei etablerer seg i eigen bustad, og dette vil det bli auka behov for i 2025. Søknad om BPA i større omfang gir økonomiske utfordringar om dette vert innvilga. Sveio kommune treng fleire VTA plassar framover for å gje brukarar som ikkje kan ha eit ordinært arbeid, ein meningsfull kvardag. 1-2 plassar i løpet av 25/26 er eit reelt behov.

Bustadar for unge vaksne med behov for noko oppfølging (punktoppfølgjing), er ikkje dekkja i kommunen pr i dag. Når unge vaksne med funksjonshemming vert vaksne, er det naturleg at dei ynskjer å flytte frå heimen. Dette er ei utfordring, då det i Sveio ikkje er avsett kommunale bustadar til denne brukargruppa.



Teknisk og næring

Tenester og oppgåver i avdelinga

Rammeområdet omfattar administrasjon, eininga drift- og anlegg, eininga Plan, eigedom, bygg og landbruk og eininga Samfunnsutvikling.

Hovudarbeidsoppgåver for drift- og anleggsavdelinga er drift, vedlikehald og utbygging av kommunale bygningar og anlegg. Vidare har avdelinga ansvar for vedlikehald og opprusting av kommunale vegar og sykkel-gangstiar, park og grøntanlegg, utbygging av kommunale bustadfelt og reinhald. Forvaltning av kommunal renovasjon og slam ligg og til avdelinga.

Sentrale arbeidsoppgåver knytt til eininga Plan, eigedom, bygg og landbruk er arealplanlegging, delingssaker, eigedomsdeling, byggesaker, registerføring, konsesjonar, akvakultur, utsleppsløyve, forureining, dispensasjonar, viltforvaltning, landbruk, veterinærvakt, energi/klima/miljø/vassforvaltning og kommunalt beredskapsarbeid.

Samfunnsutvikling sine oppgåver er overordna planer, kulturminnevern, næringsutvikling, utvikling av friluftsliv og idrett, samt folkehelsearbeid.

Eininga sine mål for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen

Rammeområdet legg til rette for næringsutvikling, auka verdiskaping og sysselsetting i kommunen.

Gjennom god og langsiktig planlegging legg me til rette for at det skal være godt å bu og veksa opp i Sveio gjennom å tilby gode og trygge bumiljø. Vi skal også ha fokus på å ta vare på naturressursane og miljøkvalitetane.

Det er av stor betydning å synleggjere verdien av lokale kulturminne og kulturmiljø, og bidra til god forvaltning av dei i samarbeid med eigarane.

Med omsyn til beredskap skal Sveio kommune være ein trygg kommune for alle som ferdast, arbeider eller har eigedom i kommunen. Den kommunale beredskapen skal ha som mål aktivt å førebyggja, ha best mogeleg beredskap og raskt kunna setja i verk dei rette tiltaka mot kriser, uønskte hendingar og kriminalitet.

Teknisk område gjennomfører mange ulike prosjekt knytt til vidareutvikling og utbygging av nye bygg og anlegg. Vidare skal vi holde eit korrekt og trygt nivå på vedlikehald av bygg, vegar, ulike anlegg og utstyr.

I kva grad har eininga oppnådd dei måla ein hadde sett seg for 2024

Innan rammeområdet er det utanom normal drift arbeida med mange prosjekter i løpet av året 2024. Nokre døme kan være enøk tiltak, uteområde, sal av tomter, veglys, trafikk sikring, nytt vassbehandlingsanlegg, oppgradering av røyrrnett, asfaltering, arbeid med nye brannstasjonar, nyskapande aktivitetsanlegg, planlegging av ny barnehage.

Gjennom året har ein utført nødvendig vedlikehald på kommunale bygg og anlegg, infrastruktur og uteområde.

Vi har hatt fokus på å følgje opp og realisera vedtatt næringsplan gjennom samarbeid med og tilrettelegging for næringslivet. I tillegg har vi initiert og deltek vi i ulike utviklingsprosjekt og samarbeidsforum.

Spelemidler bidrar til utbygging av ulike idretts- og aktivitetsanlegg, noko som er viktig både for organisert idrett og for å fremje eigenorganisert fysisk aktivitet og i eit folkehelseperspektiv. Arbeid med tilrettelegging av turstiar i kommunen har hatt fokus.

Arbeidet med kommuneplanens arealdel heldt fram i 2024. Planstrategien vart lagt ut på offentleg ettersyn, og arbeidet med miljø- og energiplanen kom godt i gong.

Det har vore aukande aktivitet på kulturvernfeltet i kommunen. Mange private eigarar ønskjer råd om bevaring og hjelp til å søkja tilskot til å ta vare på eigne bygningar. Kommunen administrer ei fylkeskommunal tilskotsordning som er viktig for å støtta opp under private eigarar av verdifulle kulturminne. Sveio er vertskommune for eit interkommunalt samarbeid om kompetanseheving på kulturmiljøfeltet, finansiert av Riksantikvaren (KIK Sunnhordland).

Innbyggardialog og samarbeid både internt og eksternt står sentralt i alt arbeidet vårt.

Planprogram for kommunedelplan E39 Bokn – Bømlafjorden vart vedteken i 2024. Dette er eit viktig prosjekt som gjev mange fordelar for vestlandet og regionen, men gjev også lokale ulemper og bandlegg areal fram til bygging. Planarbeidet fortsett i 2025.

Områdereguleringsplan for Ekrene vest og reguleringsplan for G/S-veg Ekrene-Vikse har ikkje hatt den ønskje framdrifta og blir arbeida vidare med i år.

Grunna ressurs er ikkje arbeidet med kontroll og tilsyn av alle avløpsanlegga i kommunen starta opp, noko som medfører at miljømåla om å oppfylle reinsekrava i forureiningsforskrifta ikkje vil bli nådd innan fristen i 2027.

Arbeidet med kvalitetsheving av det digitale eigedomskartverket og kvalitetsheving av bygningsopplysningar i matrikkelen er vidareført.

Plan- og næringsavdelinga har hatt ansvar for koordinering av veterinærvakta for Karmsund veterinærvaktområde og oppfølging av stasjonær veterinærvakt for smådyr (Karmsund og Tysvær vakt-distrikt).

Andre oppgåver som kan nemnast er eigedsforvaltning, utvikling av breibandtilbodet, oppfølging av Haugalandspakken og overgang frå Haugaland brann og redning til samarbeid med Haugesund

Atheno

Sveio kommune kjøpte i 2024 førstelinjetenester innan næring og etablering av Atheno.

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private

- Haugaland Vekst
- Vestland og Rogaland fylkeskommunar
- Statsforvaltaren i Vestland
- Samarbeidsrådet for Sunnhordland
- Innkjøpssamarbeid på Haugalandet
- Skogfagleg kompetanse (10 %) blir kjøpt av Tysvær kommune
- Interkommunalt hjorteutval
- Brann, redning og førebyggjande arbeid gjennom Haugaland brann og redning IKS Samarbeid med Stord brannvesen om branntilsyn i Bømlafjordtunnelen
- Felles redningsdykkarteneste saman med Haugesund, Karmøy, Tysvær og Vindafjord
- Haugesund regionen interkommunale utval mot akutt forureining (IUA Haugesund region)

- Sal av meklaropplysningar m.m. gjennom Ambita AS
- Beredskapsforum for ytre Haugalandet saman med Haugesund, Karmøy, Tysvær, Bokn og Utsira
- Deltaking i VA-gruppa i Haugaland vassområde.
- Interkommunalt forum for matrikkel/oppmåling.
- Geovekst-samarbeid om etablering og ajourhald av digitale kartdata
- Atheno
- KS nettverk universell utforming
- Riksantikvaren
- IKUI - Interkommunalt utval for idrettssektoren (Bokn, Vindafjord Tysvær, Haugesund og Karmøy, Rogaland idrettskrets, Vestland idrettskrets, Rogaland fylkeskommune)
- Friluftsrådet Vest
- Haugesund turistforeining
- Planfagleg nettverk Sunnhordland (Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord og Sveio).
- Kulturvernprosjekt (kommunane i Sunnhordaland)
- Bygdelag
- Sveio idrettsråd
- Lag og organisasjonar

Økonomi

Netto driftsutgift	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Budsjett 2024	Avvik*
Tekniske tjenester	30 297 574	31 914 093	28 370 821	3 543 272

* Pluss er meirforbruk og minus er mindreforbruk

Drift- og anleggsavdelinga hadde meirforbruk særskilt knytt til naudsynt vedlikehald av bygg og veg. Det gjekk betydeleg meir til straum enn budsjettert. Vintervedlikehaldet og reparasjon av utstyr kravde meir enn kva som var avsett midlar til.

Plan- næringsavdelinga hadde lågare inntekter enn budsjettert innan område oppmåling.

Ansvar Brann, feiing og oljevern hadde eit meirforbruk på nærmare 800 000 kr.

Samfunnsutvikling hadde eit meirforbruk på lisensar som blei flytta frå anna eining og ikkje var budsjettert.

Organisasjon – tilsette og likestilling

Årsverk og kjønn	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Menn
Administrasjon	0,5	1	0	1
Drift og anlegg inkludert VAR	18	18 ₁₎	3	15
Plan, eigedom, bygg og landbruk	8,75	10	3	7
Samfunnsutvikling	3,2	4	3	1
Totalt	30,45	33	9	24

Rammeområdet har ei overvekt av menn.

Sjukefråvær

Sjukefråvær %	2021	2022	2023	2024
Totalt	4,7	6,0	6,7	5,2

Rammeområdet har relativt lågt sjukefråvær i høve fråværstal i heile Sveio kommune. Arbeidspresset på dei tilsette har lenge vore stort. Tabellen inkluderer tilsette innan VAR-området.

Hovudmål og utfordringar for 2025

- Arbeide vidare med å skapa gode, langsiktige strategiar og planar for næringsutvikling og arealbruk i kommunen
- Halde vedteke økonomiske rammer
- Ha ei god oppfølging av investeringsprosjekt
- Kapasitet til å gjennomføre alle vedteke prosjekt etter ønskja framdrift
- Kapasitet til å sikre ønskja framdrift i planarbeid
- Planleggja og utføre godt vedlikehald av tekniske anlegg, bygg og vegar
- Behalda arbeidstakarar og ha tilstrekkelege personalressursar til å utføre arbeidsoppgåver
- Skapa motivasjon og engasjement hos dei tilsette for å nå måla
- Oppretthalda (og heva) kompetansenivået på avdelingane
- Arbeide systematisk med kontinuerleg forbetringsarbeid
- Arbeide med å integrere klima og miljøarbeid i einingane sitt arbeid
- Arbeide for at avløpsanlegg oppfyller reinsekrava i forureiningsforskrifta slik at måla blir nådd i størst mogleg grad innan 2027



VAR – Vatn, Avløp og Renovasjon

Tenester og oppgåver i avdelinga


VAR omfattar sjølvkostområda vatn, avløp og renovasjon. Rammeområdet har ansvar for drift, vedlikehald og utbygging av vatn og avløpsnett, samstundes med arbeidet som er knytt til renovasjon og slam.

Eininga sine mål for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen

VAR området skal sikra godt vatn, nok vatn og hygienisk vatn til abonnentane. Vatn i røyr er og viktig for branntryggleiken. Hygienisk transport og tilstrekkeleg reinsing av avløpsvatn er viktig for samfunnet. Vidare skal området syta for effektiv og miljøvenleg avløpshandtering og tilby innbyggjarar og hyttefolk ei god og miljøvenleg renovasjonsordning.

I kva grad har eininga oppnådd dei måla ein hadde sett seg for 2024

- Drift av Førde vassverk
- Drift og vedlikehald av vatn og avløpsnett
- Lekkasjesøk og feilretting
- Oppfølging av nye tiltak
- Jobbe vidare med å etablere forsyningstryggleik i samsvar med ny vassforskrift (prosjekt nytt vassbehandlingsanlegg Furevatnet)
- Utviding av driftsovervaking vassmålarar med tanke på betre lekkasjesøk på leidningsnettet
- Registrering og tilstandsklassifisering av vasskummer. Skifte eller utbetring av dårlege vasskummer.



Graf: Utvikling i vassforbruk dei siste åra. Vassforbruket har auka i frå 2012. Delvis grunna auke i tilkoplingar, og delvis grunna generelt auke i vassforbruket. Auka fokus på lekkasjar og innføring av vassmålar på hovudnett og på nye hus/hytter har hjulpet å stabilisere forbruket på ca. 1 mill. m³ pr år.

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private

- Samarbeid med Haugesund om drikkevatn og avløpshandtering
- Innkjøpssamarbeidet på Haugalandet
- Renovasjon og slamtømming gjennom SIM
- Felles faglege fora for vatn og avløp

Økonomi

Netto driftsutgift	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Budsjett 2024	Avvik*
VAR - vann, avløp og renovasjon	-6 714 491	-9 982 121	-8 867 971	-1 114 150

* Pluss er meirforbruk og minus er mindreforbruk

Rekneskapstala synar mindreforbruk for VAR området. Rekneskap avreknast i forhold til sjølvkostrekneskapen.

Organisasjon – tilsette og likestilling

VAR-området har 5,3 årsverk, fordelt på syv tilsette. Av desse er det fire menn og ei kvinne. Talet på tilsette og sjukefråvær er slått saman og vist i oversikt for teknisk rammeområde.

Hovudmål og utfordringar for 2025

- Halda vedteke økonomiske rammer
- Ha ei god oppfølging av investeringsprosjekt
- Kapasitet til å gjennomføre alle vedteke prosjekt etter ønskja framdrift
- Planlegga og utføra godt vedlikehald og fornying av eldre leidningsnett og anlegg
- Gjennomføra prosjekt om å ta Furuvatn i bruk til vassproduksjon igjen
- Skapa motivasjon og engasjement hos dei tilsette for å nå måla
- Oppretthalda (og heva) kompetansenivået på avdelingane
- Arbeide systematisk med kontinuerleg forbetningsarbeid

Sentraladministrasjon

Tenester og oppgåver i avdelinga

Til rammeområdet høyrer einingane Organisasjon og personal, økonomikontoret m/løn. Funksjonane rådmann, innkjøp, forbetring/effektivisering og lærlingar er og organisert under rammeområde sentraladministrasjon.

Rammeområdet har ansvar for å setja i verk politiske vedtak, driva organisasjonen i tråd med overordna føringar og leggja til rette for kvalitet og effektivitet i tenesteproduksjonen. Dei ulike støtteiningane har spesialiserte ansvar og levera spisskompetanse innan ulike område. Dei skal vera støttespelarar for einingane i kommunen og for strategisk leiargruppe innan sine fagområde. Organisasjon og Personal består i dag av servicekontor og personalkontor, i tillegg er digitaliseringsrådgjevar tilsett i denne eininga.

Servicekontoret har ansvar for service til innbyggjarar og tilsette, og fungerer som kommunen sitt ansikt utad. Kontoret leverer sentralbordtenester med tilhøyrande merkantile oppgåver, held ved like og utviklar kommunen sine nettsider og Facebook-side, og samordnar informasjon og kommunikasjon til befolkninga, inkludert ved kriseleing. Vidare administrerer kontoret ulike støtteordningar som verdibrev, bustøtte og startlån med meir, har ansvar for kommunen si forvaltning av alkohollova, ivaretek funksjonen som politisk sekretær, har ansvar for arkiv- og dokumentsenteret og administrerer og legg til rette for kommune- og stortingsval samt andre kommunale avrøystingar.

Personalkontoret bidreg med deltaking og støtte i personal- og tilsetjingssaker, gir støtte til leiarar i personalsaker og konfliktsituasjonar, arbeider med omstillingar og organisasjonsendringar, støttar leiarar i rekruttering, oppfølging av sjukemelde medarbeidarar, gjennomfører lokale lønsforhandlingar, samarbeider med tillitsvalde, legg til rette for eit godt HMS-arbeid og koordinerer oppfølginga av lærlingar.

Digitaliseringsrådgjevaren har rolla som prosjektleiar i digitaliseringsprosjekt, støttar einingane sine digitaliseringsprosjekt, vurderer nye modular til program og komplementære modular eller datasystem. Rådgjevaren gir attendemelding på bruk av digitale system, gjennomfører forbetringsarbeid med fokus på digitalisering, undersøker og synleggjer moglegheiter og ulemper med aktuell programvare. Vidare har rådgjevaren ansvar for databehandlaravtalar i einingane, gjennomfører ROS-analysar (risiko- og sårbarheitsanalysar) og DPIA (personvernkonsekvensvurderingar) saman med programeigarane, samt driftar kompetansenettverket innan digitalisering.

Økonomi har ansvar for budsjett, rekneskap, utbetaling av lønn, innkrevjing av kommunale krav, innkjøp, e-handel, eigedomsskatt og finans. Økonomi utarbeider mellom anna rekneskap, eigarskapsmelding og årsrapport.

Eininga sine mål for å bidra til å realisere dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen

I 2024 ble det gjennomført ei omfattande innføring av nye system i heile organsisasjonen. Dette har betydd og betyr fortsatt arbeid med å etablera nye arbeidsflyter og nye rutiner.

Oppdraget vårt er å gi støtte, informasjon og rådgiving til einingane og innbyggjarane.

Bakgrunn og målsetning med endringa var å styrka og samordna stabsfunksjonar i større grad. Organisasjon og personal består i dag av til saman 6,3 årsverk; 4,7 årsverk på Servicekontor/Politisk sekretær og 2,6 årsverk på Personal/Lærling/HMS/digitalisering.

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private

Kommunane på Haugalandet har over fleire år hatt eit godt samarbeid innan personalområdet. Personalnettverket på Haugalandet har jamlege statusmøter oftast via teams. To gangar i året prøver ein å få til ein felles fysisk samling i nettverket.

Økonomi

Netto driftsutgift	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Budsjett 2024	Avvik*
Sentraladministrasjon	26 452 048	28 314 920	26 811 226	1 503 694

* Pluss er meirforbruk og minus er mindreforbruk

Om lag 0,7 millionar kroner av meirforbruk er knytt til auka kostnader til driftsavtalar, nytt sakshandsamingssystem, porto, lisensar og ikt-utstyr i samband med overgang til nye IKT-system. Ekstra personalkostnader i samband med sjukefråver har gitt meirkostnad i 2024 på om lag 0,7 millionar kroner. Ordinære tenester innan politisk styring har eit meirforbruk på om lag 0,65 millionar kroner, som i stor grad blir dekkja av mindreforbruk til kontrollutvalet. Det er eit meirforbruk på om lag 0,75 millionar kroner innafor område IKT. Dette skyldast i stor grad overføringar til IKT-samarbeidet, som ikkje fult ut blir dekkja av reduserte utgifter til eigenproduserte tenester innafor området.

Organisasjon – tilsette og likestilling

Årsverk og kjønn	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Menn
Sentraladministrasjonen	20,6	21,0	15,0	6,0

*Sentraladministrasjon består av: Digitalisering, Personal, Servicekontor, Økonomi, rådmann, lærlingar (7), samt hovudtillistvalt fagforbundet 100 % her(faktisk 60 % admin / 40% helse). HVO (10% admin) er lagt inn 100 % under oppvekst.

Sjukefråvær

Sjukefråvær %	2021	2022	2023	2024
Sentraladministrasjon	5,0 %	4,5 %	7,3 %	3,5 %

*Tala for kvar eining er ikkje presentert på grunn av for få tilsette.


Hovudutfordringar 2025

Det må sikras nok ressursar til å yta tilfredsstillande tenester internt og eksternt. Rammeområde skal ha fokus på å behalda og vidareutvikla kompetansen hos dei tilsette, og halde seg oppdatert på gjeldande lovar og regler. Rekruttering innan helse og omsorg er spesielt krevjande, men og andre områder er det ein utfordring med rekruttering. Det er høgt sjukefråvær i enkelte einingar som krev oppfølging og tilrettelegging for å sikre drift. Det må sikras nok ressursar til å gjennomføre digitaliseringsprosjekt, eks sakshandsamingssystem, Visma o.l.

Arbeidet med effektivitet i fakturahandsaminga vil halde fram i 2025. Rammeområde vil ha fokus på vedlikehald og vidareutvikling av internkontroll-systemet i kommunen. I tillegg til arbeid med ny IKT-strategi, bytte av fagsystem, utviding av funksjonalitet og integrasjon mellom programvare.

Målsetningar 2025

- Fokus på arbeidsmiljø og sjukefråvær
- Sikre rekruttering til tenestane våre
- Omdømmebygging
- Lønnsforhandlingar 2025 – høge forventingar
- Vidareutvikle og sikre fortsatt godt samarbeid med fagorganisasjonane
- Vidareutvikle og sikre fortsatt godt samarbeid med einingar og leiargruppa
- Sikre kontinuerleg kompetanseutvikling / leiarutvikling i organisasjon:
 - Medarbeidersamtalen 2025
 - Få fram utviklings -og karrieremogelegheiter
 - Framtidig organisering av tenester
- Digitaliseringsrådgivar – få på plass strategi
- Effektiviseringsrådgivar – etablere målsetning og mandat
- Framtidas servicekontor
- Arkiv – opprydding og overlevering til ICA



Kyrkja– Sveio Kyrkjelege Fellesråd

Tenester og oppgåver i avdelinga

Sveio kyrkjelege Fellesråd er ein eigen sjølvstendig juridisk organisasjon som har vesentleg kommunal finansiering. Fellesrådet har ansvar for drift av kyrkjer og gravplassar og har sjølvstendig ansvar for personell og økonomi mm.

Fellesrådet legg til rette for gudstenester, dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd for kyrkja sine medlemmar, som utgjer kring 80% av Sveio sine innbyggjarar. Vi legg og til rette for ulike tiltak for born og unge, vaksne og eldre. Alle innbyggjarar er velkomne, uavhengig av medlemskap.

Fellesrådet har 'og ansvar for å leggja til rette for å ha gode og tenlege gravplassar tilgjengeleg for alle Sveio kommune sine innbyggjarar. Her har Sveio kommune eit desentralisert tilbod med 10 gravplassar rundt om i kommunen.

Eininga sine mål for å bidra til å realisera dei felles overordna fokusområda i samfunnsdelen til kommuneplanen

Sveio kyrkjelege Fellesråd har som eit av sine mål at det skal ha gode tilbod for Sveio kommune sine innbyggjarar, dette gjeld både medlemmar og ikkje medlemmar. Dei fleste innbyggjarane i Sveio har eit nært forhold til kyrkja gjennom kyrkjelege handlingar som dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd, og kyrkjene er dermed ein viktig del av bygdene sin identitet. Kyrkjene er og viktige kulturbygg i bygdene. Valestrand Kulturkyrkje har ein særleg funksjon som kulturkyrkje i kommunen.

I kva grad har eininga oppnådd dei måla ein hadde sett seg for 2023

Kyrkja i Sveio har som eit mål at «det skal vera godt å bu...» i Sveio. Folk nyttar seg i stor grad av tilboda som vert gitt gjennom kyrkja.

Sveio Kyrkjelege Fellesråd har og som mål at det skal «vera godt å leva igjen» for dei som miste nokon av sine kjære. Å ha god standard på gravplassane er viktig for oss. Dette trur vi er viktig for dei som har nokon av sine kjære gravlagt her i Sveio. Kyrkja i Sveio samarbeidar 'og med andre fellesråd om sorggrupper. Dette kan 'og vera viktig for dei som har mista nokon av sine.

Arbeidet med utviding av gravplassen ved Eikeland kapell vart ferdigstilt i juni, og i samband med det vart det halde ein vigslingsseremoni med program både ute og inne. Her fekk vi 'og den 3. minnelunden i kommunen. For at kapellet skulle stå i stil med den nye fine gravplassen, vart kapellet malt på dugnad til opninga.

Vi har elles jobba med å få på plass deponi for gravsteinar som vert fjerna, samt for anna avfall på gravplassane våre.

Utbetring av roteskade i berekonstruksjonen i tårn og eit takhjørne i Valestrand kyrkje, vart gjennomført i sommar - i god tid før ny vinter.

I Valestrand kyrkje er altertavla restaurert siste året, og framstår no som ny.

Sveio kyrkja har fått nytt varmestyringssystem – dette vart tatt i bruk i desember 2023, og gjennom 2024 har vi testa det ut, og registrert at straumkostnadane er tilnærma halverte. Det har vore stor interesse både frå lokalt og sentralt hald. Styringssystemet skal vera med å bidra til betre styring av straumbruken og dermed straumkostnaden. Systemet vil bli vurdert brukt i andre kyrkjer – mest aktuell er Valestrand Kulturkyrkje.

Elles har vi i 2024 gjennomført ein vellukka Bispevisitas – der den nye Biskopen i Bjørgvin, Ragnhild Jebsen, fekk bli kjent med ulike bedrifter, kommunen, kulturlivet, sokneråda og dei tilsette i kyrkja i Sveio. Det vart 'og gjennomført fleire gudsteneste under visitasen.

Vi har i 2024 'og hatt avslutning for soknepresten vår som har gått inn i stillinga som ny prost i Sunnhordaland etter 18 år som prest i Sveio.

Samarbeid med andre kommunar, statlege organ og private

Sveio kommune er ein viktig samarbeidspartnar for kyrkja i Sveio. Samarbeidet er regulert i ein tenesteytingsavtale. Det er særleg viktig for Fellesrådet med den kompetansen kommunen sit inne med på viktige områder som rekneskap, lønn og personell, IKT og prosjektleiing.

Andre viktige samarbeidspartnarar for kyrkja er kyrkja regionalt og nasjonalt samt ulike frivillige organisasjonar lokalt i Sveio.

Økonomi

Sveio Kyrkjelege Fellesråd sitt rekneskap for 2024 hadde eit mindreforbruk på kr 143 027 i høve til budsjett. Mindreforbruket er avsett på fond. Lågare pensjonskostnad og redusert straumkostnad i høve til budsjett var av faktorane som bidrog til mindreforbruket.

Netto driftsutgifter	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Budsjett 2024	Avvik
Sveio kyrkjelege fellesrådet	7 836 479	6 950 309	7 569 322	-619 013

**Pluss er meirforbruk og minus er mindreforbruk.*

Organisasjon – tilsette og likestilling

Årsverk og kjønn	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Menn
Sveio kyrkjelege fellesråd	4,9	10	2,45	2,45

Sjukefråvær

Fellesrådet manglar statistikk på området. Men både langtidssjukefråværet og eigenmeldingsfråværet har vore svært lavt i 2024

Hovudutfordringar 2025

Sveio Kyrkjelege Fellesråd sin hovudutfordring er 'og i 2024 er å yta våre tenester innanfor ei svært stram økonomisk ramme. Behovet for å tilsetja ny kantor/ kyrkjemusikar i vakant stilling, vil krevja ekstra tildelingar.

Sakristia i Sveio kyrkja har hatt fleire vasslekkasjar som over tid har medført mugg i veggene. Dette er uverdige tilhøve for dåpsfølge og for prest som skal nytta desse romma til omkledding og arbeidsplass. Arbeidet med utbetring og opp-pussing av desse sakristia er i gang og prestesakristiet vart ferdigstilt til innsetjing av ny sokneprest i Sveio sokn. Det vidare arbeidet inn i 2025 er dåpssakristiet og sakristiet som i dag vert nytta til el installasjonar og lager. Dette er arbeid som vert utført av utegruppa gjennom vinterhalvåret - då det er mindre aktivitet ute.

Elles jobbe vi med søknad til Kyrkjebevaringsfondet for å få på plass midlar til restaurering av taket i Sveio kyrkja – her har det vore fleire lekkasjar over tid, og det trengs midlar til å få reparert dette.

Økonomisk oversikt - drift	Regnskap 2024	Reg. budsjett 2024	Oppr.budsjet 2024	Regnskap 2023
Driftsinntekter				
1 Rammetilskudd	230 076 177	248 300 000	247 700 000	243 513 774
2 Innteks- og formuesskatt	199 477 244	181 050 000	181 600 000	169 522 750
3 Eiendomsskatt	0	0	0	0
4 Andre skatteinntekter	0	0	0	0
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	44 599 724	36 600 000	39 400 000	27 617 698
6 Overføringer og tilskudd fra andre	102 216 469	75 404 307	75 404 307	89 617 964
7 Brukerbetalinger	16 071 835	15 544 268	16 244 268	16 020 271
8 Salgs- og leieinntekter	43 436 720	44 470 133	44 470 133	43 336 126
9 Sum driftsinntekter	635 878 169	601 368 708	604 818 708	589 628 584
Driftsutgifter				
10 Lønnsutgifter	315 507 410	303 852 223	303 852 223	296 547 612
11 Sosiale utgifter	95 242 907	94 689 650	94 689 650	82 701 346
12 Kjøp av varer og tjenester	161 803 519	142 184 665	139 814 665	153 695 173
13 Overføringer og tilskudd til andre	59 273 791	41 842 142	40 725 142	45 531 735
14 Avskrivninger	28 709 755	27 000 000	27 000 000	27 916 461
15 Sum driftsutgifter	660 537 381	609 568 680	606 081 680	606 392 326
16 Brutto driftsresultat	-24 659 211	-8 199 972	-1 262 972	-16 763 743
Finansinntekter				
17 Renteinntekter	18 180 773	15 050 000	12 050 000	16 546 898
18 Utbytter	19 722 580	19 700 000	17 500 000	17 714 893
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	395 170	0	0	355 367
20 Renteutgifter	25 152 969	28 421 028	25 421 028	20 446 342
21 Avdrag på lån	27 300 161	27 300 000	27 300 000	25 177 179
22 Netto finansutgifter	-14 154 607	-20 971 028	-23 171 028	-11 006 363
23 Motpost avskrivninger	28 709 755	27 000 000	27 000 000	27 916 461
24 Netto driftsresultat	-10 104 064	-2 171 000	2 566 000	146 355
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:				
25 Overføring til investering	1 151 876	18 563 082	1 200 000	1 520 718
26 Avsetninger til bundne driftsfond	1 279 737	660 000	660 000	4 818 672
27 Bruk av bundne driftsfond	-4 908 187	-1 484 000	-1 484 000	-2 562 051
28 Avsetninger til disposisjonsfond	157 000	2 190 000	2 190 000	360 050
29 Bruk av disposisjonsfond	-7 784 489	-22 100 082	0	-3 991 034
30 Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0
31 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	-10 104 064	-2 171 000	2 566 000	146 354
32 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	0	0	0	0

Rekneskapen for 2024 viser eit negativt netto driftsresultat for Sveio kommune på 10,1 millionar kroner. Dette er 7,9 millionar kroner mindre enn regulert budsjett og 12,7 millionar kroner mindre enn opphavleg budsjett. I følge Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) bør netto driftsresultat over tid vera på minst 1,75 prosent av inntektene for kommunesektoren samla. Sveio kommune har vedteke eige mål for netto driftsresultat på 1,25 % av brutto inntekter. I 2024 blei netto driftsresultat i kommunen på minus 1,59 % av inntektene.

I 2024 avsette Sveio kommune om lag 1,3 millionar kroner til bundne driftsfond. Dette inneber at desse midlane er inntektsført i kommunens driftsrekneskap, men må brukast, og utgiftsførast, seinare år. Dei bundne avsetnadane sukrar på ein måte resultatet det året dei blir inntektsført, og belastar resultatet det året dei blir brukt. På den andre sida brukte kommunen om lag 4,9 millionar kroner av bundne driftsfond i 2024. Netto utgiftsførte Sveio kommune om lag 3,6 millionar kroner meir enn ein avsette til bundne driftsfond i 2024. Det er vanleg å korrigera netto driftsresultat for denne verknaden. Ved å korrigera netto driftsresultat for 2024 for denne verknaden, kan ein sei at Sveio kommune hadde eit korrigert netto driftsresultat i 2024 på minus 6,5 millionar kroner.

Dei samla driftsinntektene for kommunen auka med 7,8 % frå 2023 til 2024. Driftsutgiftene auka med 8,9 %. Som ein følge av dette gjekk brutto driftsresultat ned med 7,9 millionar kroner frå 2023 til 2024.

Frie inntekter	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Innbyggjartilskot (likt beløp per innb.)	142 229	144 406	142 972	150 947	161 330	171 741	181 486	186 102	186 112	186 125
Utgiftsutjamning	25 333	23 836	26 609	29 040	33 238	33 490	35 060	35 598	35 599	35 600
Overgangsordningar (INGAR fra 2009)	-306	-212	-218	-279	-236	-420	-699	0	0	0
Saker særskilt fordeling	1 539	2 689	1 659	2 157	5 162	6 118	7 669	7 669	7 669	7 669
Veksttilskot	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Sør-Norge tilskudd	0	0	0	0	0	0	1 835	1 838	1 838	1 838
Ordinært skjøn inkl bortfall av dif.arb.avg.	3 600	3 400	2 800	2 800	2 800	2 800	3 000	3 000	3 000	3 000
Diverse saldering statsbudsjettet	-214	876	765	-8 601	3 783	5 658	5 967	0	0	0
Tillegg statsbudsjettet 2022	0	0	0	812	0	0	0	0	0	0
Korona - skjønn, inntektssystemet mm	0	6 612	9 095	12 661	308	0	0	0	0	0
Sum rammetilskot u/ inntektsutj	172 180	181 607	183 682	189 538	206 385	219 387	234 318	234 207	234 218	234 232
Netto inntektsutjamning	30 330	24 980	8 754	20 902	37 129	10 387	29 705	23 125	23 125	23 125
Sum rammetilskot	202 510	206 587	192 436	210 440	243 514	229 774	264 023	257 332	257 343	257 357
Skatt på inntekt og formue	141 649	146 291	191 979	200 857	169 523	199 477	199 520	209 593	209 593	209 593
Sum skatt og rammetilskot	344 159	352 878	384 415	411 297	413 037	429 251	463 543	466 925	466 936	466 950


Endring fra foregåande år	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Sum rammetilskot		2,0 %	-6,8 %	9,4 %	15,7 %	-5,6 %	14,9 %	-2,5 %	0,0 %	0,0 %
Skatt på inntekt og formue		3,3 %	31,2 %	4,6 %	-15,6 %	17,7 %	0,0 %	5,0 %	0,0 %	0,0 %
Sum skatt og rammetilskot		2,5 %	8,9 %	7,0 %	0,4 %	3,9 %	8,0 %	0,7 %	0,0 %	0,0 %

Tala frå 2019-2024 er i kroner frå dei respektive åra. Tala frå 2025-2028 er i 2025-kroner, og er basert på berekningar fra KS.

Kommunens frie inntekter består av rammetilskot og skatt på inntekt og formue.

Av tabellen over går det fram at samla rammetilskot utanom inntektsutjamningar har auka med 47,2 millionar, eller 27,4 % frå 2019 til 2024. Inntektsutjamning og skatt på inntekt og formue har auka med 37,9 % i same periode, frå 172,0 millionar i 2019 til 209,9 millionar i 2024. Samla har auken i frie inntekter vore på 24,7 % frå 2019 til 2024. Dette utgjør ein auke på 85,1 millionar kroner i perioden.

Delen av frie inntekter som kjem frå skatt på inntekt og formue har gått opp frå 41,16 % i 2019 til 46,47 % i



2024. Gjeldende frå 2023 avvikla Sveio kommune eigedomsskatt på eigedomane i kommunen. For landet utanom Oslo var inntektene frå eigedomsskatt kr 3 179,- per innbyggjar. Dersom Sveio kommune hadde hatt same inntekter per innbyggjar frå eigedomsskatt som Landet utanom Oslo, ville kommunen hatt inntekter på 18,3 millionar kroner i 2024. I 2011, det året Sveio kommune innførte eigedomsskatt, hadde kommunen 10,4 millionar kroner i inntekter frå skatten.

Driftsresultat


Brutto driftsresultat blei 16,5 millionar kroner lågare enn budsjettet i 2024, og enda på minus 24,7 millionar kroner. Netto driftsresultat blei på - 10,1 millionar kroner i 2024, medan det var budsjettet til om lag - 2,2 millionar kroner. I opphavleg budsjett vedteke i desember 2023 var netto driftsresultat budsjettet til 2,6 millionar kroner. I 2024 fekk Sveio kommune inntekter frå Havbruksfondet på 18,2 millionar kroner.

Driftsinntektene blei 34,5 millionar høgare enn budsjettet i 2024. Dette har fleire orsakar. Om lag 8,1 millionar kroner meir i overføringar frå Staten fordelt på ulike tenestekområder i kommunen. Om lag 7,1 millionar kroner i sluttutbetaling frå Fylkeskommunen til breibandsutbygging. Om lag 5,2 millionar meir i utbetalningar frå Havbruksfondet. I tillegg mottok kommunen over 4 millionar kroner meir enn budsjettet i momskompensasjon og tilsvarande meir i sjukelønnsrefusjon. Kommunen fekk i overkant av 18 millionar kroner meir enn budsjettet i skatteinntekter, men dette motsvarast av tilsvarande reduksjon i inntekter frå inntektsutjamning.


Driftsutgiftene i 2024 blei 51,0 millionar høgare enn budsjettert. Kjøp av varer og tenester blei 19,6 høgare enn budsjettert. Dette skyldast mellom anna 5,7 millionar kroner meir i utgifter til IKT-samarbeidet, som i stor grad kjem på denne posten, i staden for poster for eigenproduksjon. Om lag 3,1 millionar kroner høgare utgifter til kjøp av tenester frå mellom anna andre kommunar innafor fleire område, og om lag 2,2 millionar kroner meir enn budsjettert til konsulenttenester. Om lag halvparten av merforbruket til konsulenttenester er knytt til barnevernstiltak.

Kommunen brukte om lag 17,4 millionar kroner meir enn budsjettert til overføringar og tilskot til andre. Om lag 9,1 millionar av dette er utbetaling til Haugaland Kraft i samband med breibandsutbygging. Dette må sjåast i samanheng med utbetaling frå Fylkeskommunen til dette føremålet. Det blei nytta om lag 4,6 millionar kroner meir enn budsjettert til meirverdiavgift, som motsvarast av like stor meirinntekt. Dei samla lønnsutgiftene i 2024 blei om lag 11,7 millionar kroner høgare enn budsjettert.

Netto driftsresultat enda på -10,1 millionar kroner i 2024, medan det var budsjettert til om lag -2,2 millionar kroner. Avviket frå budsjett skuldast høgare utgifter enn planlagt og ikkje fult så stor auke i inntektene. Opphavig budsjett vedteke i desember 2023 viste eit budsjettert netto driftsresultat på 2,6 millionar kroner.



Gjeld



Per 31.12.2024 har Sveio kommune ei langsiktig gjeld utanom pensjonsforpliktingane på 571,1 millionar kroner. Startlån utgjer om lag 51,9 millionar kroner av gjelda. I tillegg har kommunen netto pensjonsmidlar på 31,7 millionar kroner. Totalt sett utgjer Sveio kommune si langsiktige gjeld, eksklusiv pensjonsforpliktingar 89,8 % av kommunens brutto driftsinntekter. Sveio kommune har per 31.12.2024 ei netto lånegjeld på 63,0 % av driftsinntektene. Kommunen har som mål å ha ei netto lånegjeld på maksimalt 80,0 %. Vidare har kommunen som mål å ha ei netto renteeksponert gjeld


på maksimalt 35 % av brutto driftsinntekter. Per 31.12.2024 var den på 26,9 %. Per 31.12.2024 hadde kommunen vedtekne, men ikkje opptatte, lån på om lag 94,2 millionar kroner. I februar 2025 blei vedteke låneopptak på om lag 48,3 millionar kroner til badeanlegg reversert. Dette inneber at om lag 45,9 millionar

kroner i vedteke låneopptak ikkje er med i tala over, og at kommunens lånegjeld og netto renteeksponert gjel vil stige når ein tar opp alle låna er vedtekne.

Driftsfond

Sveio kommune har 117,4 millionar kroner på frie driftsfond per 31.12.2024. I tillegg kjem 8,0 millionar kroner på bundne driftsfond. Midlane på bundne driftsfond er mottekne av andre og kan berre nyttast til det føremål som er bestemt av givar. Sveio kommune har vedtatt eit mål om å ha eit disposisjonsfond på minst 10 % av brutto inntekter, per 31.12.2024 var disposisjonsfondet på 18,5 % av inntektene.

Brutto driftsutgifter




Sveio kommune sine driftseiningar er delt inn i ulike rammeområde. Figurane visar kvart rammeområde sin del av kommunen sine brutto driftsutgifter i 2024 og utviklinga i brutto driftsutgifter sidan 2017.

Som det går fram av figuren til venstre så nytta Sveio kommune i 2024 mest ressursar til Oppvekst skule (23 %), Pleie og omsorg (16 %), Oppvekst barnehage (12 %) og Habilitering (12 %).

Av figuren under ser ein at kommunen har hatt størst vekst i utgifter sidan 2017 på områda Barnevern (104 %), Tekniske

tenester (100 %) og Helseavdeling med fellestenester (74 %).




Den økonomiske stillinga

Av figuren under ser me at Sveio kommune har hatt ein sterk vekst i både gjeld, og eigendelar frå 2015. Eigenkapitalprosenten har hatt ein endå sterkare vekst i perioden.

Balansen	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Anleggsmidler	931 813 724	968 904 057	1 026 336 570	1 074 720 971	1 171 704 326	1 250 524 203	1 260 397 849	1 299 048 936	1 366 173 144	1 470 713 901
Omløpsmidlar	144 917 114	208 385 515	237 652 146	334 455 673	312 780 955	295 445 987	306 291 544	407 342 300	401 501 287	369 451 110
Sum eigendelar	1 076 730 838	1 177 289 572	1 263 988 717	1 409 176 644	1 484 485 282	1 545 970 190	1 566 689 393	1 706 391 236	1 767 674 432	1 840 165 011
Eigenkapital:										
- ubundne fond	40 559 138	54 579 242	73 906 596	92 242 027	100 465 268	99 747 838	118 442 970	144 283 889	145 250 885	140 787 980
- bundne fond	10 910 620	15 655 397	20 114 315	17 327 637	15 770 729	16 432 189	19 076 169	13 066 342	14 378 626	9 092 515
- annan eigenkapital	9 520 730	8 096 176	6 417 839	8 046 829	2 080 086	2 080 086	2 080 086	2 080 086	2 080 086	2 080 086
- kapitalkonto	211 407 685	209 638 064	231 329 202	247 105 303	277 277 509	352 365 330	368 640 151	385 801 677	402 178 912	382 827 066
Sum eigenkapital	272 398 173	287 968 877	331 767 952	364 721 796	395 593 592	470 625 443	508 239 377	545 231 995	563 888 509	534 787 647
Langsiktig gjeld	748 122 878	823 456 445	867 766 643	970 418 047	1 013 450 527	1 006 159 943	985 329 376	1 084 446 376	1 109 582 653	1 175 599 070
Kortsiktig gjeld	56 209 786	65 864 249	64 454 121	74 036 801	75 441 162	69 184 804	73 120 640	76 712 865	94 203 270	129 778 294
Sum gjeld	804 332 664	889 320 694	932 220 764	1 044 454 848	1 088 891 689	1 075 344 747	1 058 450 016	1 161 159 241	1 203 785 923	1 305 377 364
Sum eigenkapital og gjeld	1 076 730 838	1 177 289 572	1 263 988 717	1 409 176 644	1 484 485 282	1 545 970 190	1 566 689 393	1 706 391 236	1 767 674 432	1 840 165 011

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Eigenkapitalprosent	25,3 %	24,5 %	26,2 %	25,9 %	26,6 %	30,4 %	32,4 %	32,0 %	31,9 %	29,1 %

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Arbeidskapital (omløpsmidler - kortsiktig gjeld)	88 707 328	142 521 266	173 198 025	260 418 872	237 339 793	226 261 183	233 170 905	330 629 435	307 298 018	239 672 816



Som ein følge av denne utviklinga har delen av eigendelar som er finansiert med eigenkapital gått opp. I 2015 utgjorde eigenkapitalen 25,3 % av eigendelane, medan den utgjorde 29,1 % i 2024. Ein tommel-fingerregel seier at eigenkapitalprosenten til ei industribedrift minst bør vera på 35 %. Ein har ikkje tilsvarende måltal for kommunar.


Ein viktig årsak til utviklinga er at kommunens pensjonsleverandørar etter regelendringar har redusert kommunens pensjonsforpliktingar og auka kommunens pensjonskapital. Sveio kommune finansiera nye investeringar med låneopptak. Som ei motvekt til dette har kommunen fram til og med 2022 betalt meir i årlege avdrag enn det som er

lovpålagt.

Likviditet

Sveio kommune hadde god likviditet i heile 2024. Det var aldri fare for at kommunen ikkje skulle vere i stand til å betale sine forpliktingar etter kvart som dei forfall til betaling. Det er likevel verdt å merka seg at kommunens likviditet var svakare i 2024 enn i 2023.

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Likviditetsgrad I	2,9	3,5	3,7	4,5	4,1	4,3	4,2	5,3	4,3	2,8
Likviditetsgrad II	2,7	3,2	3,5	4,4	4,0	4,2	4,1	5,2	4,2	3,1



Investering

Sveio kommune investerte for 75,3 millionar kroner i anleggsmidler i 2024. Det var planlagt å investera for 323,6 millionar kroner. Avviket mellom budsjett og rekneskap skuldast i all hovudsak tidsforskyving av investeringar. Oppstart av prosjekt for nytt vatnbehandlingsanlegg, forseinka investering i nytt badeanlegg og forseinka investering i nye Sveio barnehage gjer særskilt store utslag. Det var planlagd å investera for høvesvis 48, 88 og 49 millionar kroner i vatnbehandlingsanlegg, badeanlegg og barnehage i 2024, medan det berre blei gjennomført investeringar for nesten 2 millionar kroner. Samla avvik på desse investeringane er om lag 183 millionar kroner.

Bevilgningsoversikt - investering	Regnskap 2024	Reg. budsjett 2024	Oppr.budsjet 2024	Regnskap 2023
1 Investeringer i varige driftsmidler	75 326 114	323 585 583	21 170 000	42 508 098
2 Tilskudd til andres investeringer	303 851	2 320 000	0	3 248 097
3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	1 096 407	1 200 000	1 200 000	1 038 071
4 Utlån av egne midler	0	2 460 000	0	0
5 Avdrag på lån	0	0	0	0
6 Sum investeringsutgifter	76 726 372	329 565 583	22 370 000	46 794 266
7 Kompensasjon for merverdiavgift	11 528 833	52 436 161	3 374 000	6 478 926
8 Tilskudd fra andre	447 599	22 046 900	0	7 806 367
9 Salg av varige driftsmidler	4 670 322	6 900 000	4 500 000	4 431 975
10 Salg av finansielle anleggsmidler	0	0	0	0
11 Utdeling fra selskaper	0	0	0	0
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler	1 381 000	0	0	2 540 230
13 Bruk av lån	59 663 675	230 653 671	16 296 000	28 679 004
14 Sum investeringsinntekter	77 691 429	312 036 731	24 170 000	49 936 503
15 Videreutlån	28 370 240	45 232 000	20 000 000	11 750 212
16 Bruk av lån til videreutlån	28 212 511	44 634 000	20 000 000	11 151 693
17 Avdrag på lån til videreutlån	1 600 158	0	0	1 183 490
18 Mottatte avdrag på videreutlån	1 147 878	0	0	772 698
19 Netto utgifter videreutlån	610 009	598 000	0	1 009 312
20 Overføring fra drift	-1 151 876	-18 563 082	-1 200 000	-1 520 718
21 Avsetninger til bundne investeringsfond	765 669	0	0	222 704
22 Bruk av bundne investeringsfond	-2 423 330	-662 975	0	-1 167 040
23 Avsetninger til ubundet investeringsfond	4 799 409	6 400 000	4 000 000	6 346 014
24 Bruk av ubundet investeringsfond	-1 634 824	-5 300 794	-1 000 000	-1 748 034
25 Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0	0	0
26 Sum overføring fra drift og netto avsetninger	355 048	-18 126 852	1 800 000	2 132 925
27 Fremført til inndekning i senere år (udekket beløp)	0	0	0	0

Samla sett er investeringsrekneskapen gjort opp utan at noko er udekket eller udisponert.

Dei største investeringane i 2024 var Sveio brannstasjon (34,9) og Eikeland kyrkjegard (5,3). I 2025 er det budsjettetert med nye investeringar i varige driftsmidler på 41,4 millionar kroner. Legg ein til investeringsrestanse frå tidlegare år er det planlagd investeringar i varige driftsmidler i 2025 på 289,7 millionar kroner. Dei største planlagde nye investeringane i 2025 er Førde brannstasjon 7,0 millionar kroner (ekstra midlar), Furuvatnet vannbehandlingsanlegg 8,0 millionar kroner (ekstra midlar) og Mannskapsbil Førde brannstasjon 5,0 millionar kroner.

Sveio

21.03.2025



Jostein Førre
Rådmann